

# MØTEINNKALLING

**Utval:** Kontrollutvalet i Aurland kommune  
**Møtedato:** Tirsdag 9. mai 2023 kl. 13.00  
**Møtestad:** Kommunestyresalen

---

## SAKLISTE

**04/2023 Godkjenning av møteprotokoll 07.02.2023**  
**05/2023 Drøftingssaker, skriv og meldingar**  
**06/2023 Årsmelding og årsrekneskap Aurland kommune 2022**  
**07/2023 Årsmelding og årsrekneskap Aurland Hamnevesen KF 2022**

Eventuelle forfall meldast til kontrollutvalssekretariatet v/Harald Mo,  
tlf: 95 26 13 40 eller e-post [harald.mo@pwc.com](mailto:harald.mo@pwc.com)

Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Aurland, 02.05.2023

Frode Bekkestad  
Leiar (sign)

Harald Mo  
Sekretariat

**Kopi:**  
Ordførar  
Rådmann  
Oppdragsansvarlig revisor

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

### Sak 4/2023 Godkjenning av møteprotokoll 07.02.2023

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Harald Mo	09.05.2023	4/2023

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteprotokoll frå møte 07.02.2023 vert godkjent

#### VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	07.02.2023	Sekretariatet for kontrollutvalet	Møteprotokoll frå møte 07.02.2023

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

# Møtebok

**Møtedato:** 07.02.2023

**Møtetid:** Kl. 1100-13:00

**Møtestad:** Rådhuset, møterom 216

**Saksnr.:** 1/2023 – 3/2023

<b>Følgjande medlem møtte</b>	<b>Parti</b>
Frode Bekkestad, kontrollutvalsleiar	H
Kjell Nordgulen, nestleiar	Ap
Kristoffer Ullern Hansen	MDG
Erna Underdal Skarsbø	Sp

<b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b>	<b>Parti</b>	<b>Følgjande varamedlem møtte</b>	<b>Parti</b>
Siri Larsen Ramsøy	Ap		

<b>Ugilde</b>	<b>Sak</b>	<b>Følgjande varamedlem møtte</b>

<b>Møteleiar:</b>	Frode Bekkestad
<b>Frå sekretariatet møtte:</b>	Harald Mo, PwC
<b>Frå administrasjonen møtte:</b>	Reinhardt Sørensen, Steve Elgåen
<b>Frå revisjonen møtte:</b>	
<b>Andre som møtte:</b>	
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	
<b>Synfaring:</b>	
<b>Merknader:</b>	

Underskrifter:

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

## SAKLISTE

Sak nr.	Sakstittel		Ope/lukka
1/2023	Godkjenning av møteprotokoll 15.11.2022	O	
2/2023	Drøftingssaker, skriv og meldingar	O	
3/2023	Årsmelding kontrollutvalet 2022		O

### Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

#### Sak 1/2023 Godkjenning av møteprotokoll 15.11.2022

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Harald Mo	07.02.2023	1/2023

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteprotokoll frå møte 15.11.2022 vert godkjent

#### VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	15.11.2022	Sekretariatet for kontrollutvalet	Møteprotokoll frå møte 15.11.2022

#### 07.02.2023 KONTROLLUTVALET

#### SAK 1/2023 VEDTAK

Møteprotokoll frå møte 15.11.2022 vert godkjent.

Samrøystes.



## Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

### Sak 2/2023 Drøftingsaker, skriv og meldingar

<b>Sakshandsamar</b> Harald Mo	<b>Møtedato</b> 07.02.2023	<b>Saknr</b> 2/2023
-----------------------------------	-------------------------------	------------------------

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

##### Forslag til vedtak vedlegg, vedlegg 1-5:

Kontrollutvalet tek innhaldet i dokumenta til vitande.

##### Forslag til vedtak om orienteringar:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

#### SAK/VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	Desember 2022	Aurland kommune	Kontrollutvalet sitt budsjett for 2023
2	18.12.2022 27.12.2022 23.01.2023	Sogn Avis	Artiklar om lovlegkontroll av strømsstøtte
3	12. desember 2022	Forum for kontroll og tilsyn	Medlemsinfo desember 2022
4	Januar 2023	Forum for kontroll og tilsyn	Konferansar vår 2023
5	Januar 2022	Aurland kommune	Dokument under grøntavtalen avtalen med Mesta AS. Unnteke offentlegheit med henvisning til Offl. § 13 jf. Fvl. §13, 1.ledd nr.2

#### 07.02.2023 KONTROLLUTVALET

##### Orienteringar:

Rådmannen ved Reinhardt Sørensen orienterte om:

- Dokument under grøntavtalen med Mesta

Sekretariatet orienterte om:

- Budsjettstatus for kontrollutvalet.

##### Drøftingsaker:

- Orienteringar i neste møte

## **SAK-2/2023 VEDTAK:**

Kontrollutvalet konstaterer at det ikkje er avsett midlar til forvaltningsrevisjon for 2023. Kontrollutvalet viser til kontrollutvalshåndboka si formulering om budsjett for kontrollutvalet

- Det er berre kommunestyret som kan endre budsjettframlegget frå kontrollutvalet. Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere, til dømes formannskapet, får innverknad på budsjetttramma til utvalet.

Det er kontrollutvalet sitt synspunkt at budsjettet som blir lagt fram for kommunestyret skal vere i samsvar med kontrollutvalet sitt framlegg. Kontrollutvalet sitt vedtak blir sendt over til kommunestyret.

Kjell Nordgulen og Frode Bekkestad skal delta på Forum for kontroll og tilsyn sin Fagkonferanse 31.5-1.6.2023 og sekretariatet melder dei på.

Kontrollutvalet tek elles orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

Samrøystes.

## **Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune**

### **Sak 3/2023 Årsmelding for kontrollutvalet 2022**

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saknr</b>
Harald Mo	07.02.2023	3/2023

#### **Framlegg til vedtak:**

- Kontrollutvalet vedtek vedlagde årsmelding for 2022, med eventuelle korrigeringar som kjem i møtet.
- Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret til orientering.

#### **07.02.2023 KONTROLLUTVALET**

### **SAK-3/2023 VEDTAK:**

- Kontrollutvalet vedtek vedlagde årsmelding for 2022.
- Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret til orientering.

Samrøystes.

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

### Sak 5/2023 Drøftingssaker, skriv og meldingar

<b>Sakshandsamar</b> Harald Mo	<b>Møtedato</b> 09.05.2023	<b>Saknr</b> 5/2023
-----------------------------------	-------------------------------	------------------------

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

##### Forslag til vedtak vedlegg, vedlegg 1-4:

Kontrollutvalet tek innhaldet i dokumenta til vitande.

#### SAK/VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	16.02.2023	Norges Høyesterett	Kjennelse
2	02.03.2023	Harald Sjursen	Søknad om dispensasjon på gnr/bnr. 49/77. Parkering Flåm
3	02.04.2023	Harald Sjursen	Administrativt vedtak om bruk av idrettsbana i Flåm til permanent parkeringsplass m.m
4	09.02.2023	Aurland kommune	Justering av godtgjersle til kontrollutvalet.

#### Orienteringar:

#### Drøftingssaker:

- Kontrollutvalet si vidare handsaming av brev frå Harald Sjursen
- Orienteringar i neste møte



Kan bare gjengis offentlig i  
anonymisert form, jf. domstolloven  
§ 130 første ledd

# NORGES HØYESTERETT

Den 16. februar 2023 ble det av Høyesteretts ankeutvalg med dommerne Kallerud, Arntzen og Thyness i

**HR-2023-293-U, (sak nr. 23-008183SIV-HRET), sivil sak, anke over beslutning:**

(advokat Sigurd Jørgen Klomsæt)

mot

Guri Olsen  
Aurland kommune

(advokat Arvid Vamråk Mellingen)

avsagt slik

## K J E N N E L S E :

har anket over Gulating lagmannsretts beslutning 7. desember 2022 i sak nr. 22-146072ASD-GULA/AVD2 mot Guri Olsen og Aurland kommune hvor anke over Sogn og Fjordane tingretts dom 19. august 2022 i sak nr. 21-032764TVI-TSOF/TSOG ble nektet fremmet.

*Høyesteretts ankeutvalg* kan bare prøve lagmannsrettens saksbehandling, jf. tvisteloven § 29-13 femte ledd.

Ankeutvalget finner det enstemmig klart at anken ikke kan føre frem. Anken forkastes i medhold av tvisteloven § 30-9 annet ledd.

Ankemotparten har krevd 20 000 kroner i sakskostnader for ankeutvalget. Kravet tas til følge.

## S L U T N I N G

Anken forkastes.

I sakskostnader for Høyesterett betaler

– én for alle og alle for én – til Guri Olsen  
og Aurland kommune i fellesskap 20 000 – tjuetusen – kroner innen 2 – to – uker fra  
forkynnelsen av kjennelsen.

Wenche Elizabeth Arntzen  
(sign.)

Knut H. Kallerud  
(sign.)

Erik Thyness  
(sign.)

Dokumentet er i samsvar med originalen:  
Lene Moe Blom

Kontrollutvalet i Aurland  
v/ Frode Bekkestad.  
5745 Aurland

Flåm 2 mars 2023.

Eg ber om at kontrolluvallet i Aurland handsamar denne saki grundig!  
Den betyr mykje for den oppvoksende slekt og moglegheit for fysisk fostring, velvere og trivnad for mange! Til glede for oss eldre å sjå på! TAKK! Eg ynskjer at folk skal trivast i Flåm med gode tilbod for alle som bur her Ikkje berre for turistar og bedrifter!

### **Søknad om dispensasjon på gnr/bnr. 49/77. Parkering Flåm.**

Dette er ein søknad om permanent utføring og igangsetting før reguleringsplanen er godkjent demokratisk og politisk og med ulovleg framgangsmåte og klagefrist. Tiltak under ein planprosess er ikkje lovleg. Kun ved akutte katastrofar. Klagefrist er tre veker etter at mottakar har kvitert mottak av søknaden. Etter søknad, kan den forlengjast.

**Ein idrettsplass er eit allment område og nabovarsel skal gå til naboar, medlemar og brukarar av denne. Me må kjempa for vår komande slekt og deira rettmessige fysiske tilbod i Flåm! Det vert tungt å starta oppatt etter 45 år utan idrettsplass. Men er det nokon som maktar det, så må det vera Flåmingar.**

Litt soge om idrettsplassar i Flåm: - Mange år før krigen fekk Flåmingane spela fotball på sletta mellom Lundabaret og noverande Lunden holdeplass. Den vart ikkje brukande til dette då Flåmsbana vart bygd i gjennom denne.

Under krigen og nokre år etter vart det spela fotball m.m. på Nidardsøyri gnr/bnr,49/77, der ho er i dag. Tidlegare gnr. 49 /bnr/1.

Etter krigen i 1945, fekk Flåm idrettslag tilbud om å laga til ei idrettsbane på eit myrleg område, tilhørande same gard 49/bnr 1, der skrotplassen til Aurland kommune er i dag. Etter fleire år med dugnad av lagmedlemar og andre bygdefolk, vart det her køyrt sand frå Haugen gard, «Eggakvalshaugen», for å heva området. Tusener av dugnadstmar gjekk med til å køyra stein og sand med hestar og møkakjerrar, han Jon Brekke med lastebil og folk med trillebårer river og spader m. m. vart brukt. Det vart søkt Aurland kommunestyre om pengar til utstyr m.m. Det enda med at Aurland kommunestyre betalte 10 mål av området for 10 000 kroner som gåve frå kommunen til bygdefolket og Flåm Idrettslag. Det var berre eit ynskje : «Om Aurland kommune trengde, for ein dag, ein utstillingsplass, måtte den få bruka den gratis.» Dei som skreiv under denne gåva var, ordførar Jon Underdal og lensmann Lars Bjordal. Eg trur ikkje dei meinte det var slik utstilling som det er her i dag, med bilvrak, husrestar, gamle røyr, heile og knuste kummar, rusta jernmaterial, stein og grushaugar og anna skrot med meir. Heller ikkje støy ved tipping og knusing av stein her, natt og dag. har vorte varsla naboar. Området er fyrsteintrykket turistar og andre får av turiststaden Flåm!

Dette området kan og bør brukast til parkering med lademoglegheiter og opplysnings- og servicekiosk m.m., Det vil redusera biltrafikken til og frå stasjonsområdet moneleg.

Området under E16 brui bør brukast til det den er tillaga for, «Bussparkering». Medan bussar ventar på oppdrag, er det her tillaga for vask av bussar m.m. Her bør det vera lademoglegheit for bussar.



På Langhuso, som kommune har brukt før, er det plass til, lagring og knusing av stein m.m. Her er det ikkje fastbuande og ligg i ly for aust/vest trafikken.

Idrettsbana, B-feltet, var ei erstatning for den bygdefolk i Flåm og Flåm idrettslag hadde på Brekke. Så det er bygdefolket i Flåm si bane juridisk sett. Den påstanden at den er lite brukt, har sin orsak, som aurlendingar truleg ikkje veit: Då Aurland kommune ikkje hadde ordna med nabovarsel for tipping av stein frå Flenjatunnellen, vart tippinga stoppa av eigar gnr. 49 bnr. 6., Knut Brekke. Uten å varsle styret for Flåm idrettslag, tippa vegvesenet stein på Flåm idrettsplass. (I styret for Flåm idrettslag var då Knut Dalsbotten leiar og eg skrivar.) Me gjekk då til Aurland kommune og spurde kva dei dreiv med. Dei svara at dei ville fylla opp idrettsbana vel 1 meter og leggja dekke på den. Dette ville ta ca. 3 mnd. Me fekk det ikkje skriftleg. Det har me angra på. For idrettsbana her fekk me aldri att.

Flåm IL var då i 6 devisjon fotball, medan Aurland var i 7. Då Flåm ikkje hadde eiga bane lenger, skulle spelarane våre spela for Aurland. Men spelarar frå Flåm vart berre brukte når Aurland ikkje kunne stilla fult lag. Så interessa får å vera med der, for spelarar frå Flåm, forsvant.

Det gjekk vel 11 år før Flåm fekk att eiga bane. Det vart grusbane for at bana i Aurland skulle få tippemedlar. Kor mykje Aurland fekk, veit eg ikkje, men bana i Flåm fekk kr. 866 000.

Om Aurland eller Flåm vert med i ein fotballserie att, treng dei ei reservebane. Vert denne bana i Flåm, reservebane, burte, må Aurland kommune betala attende tippemedlane Aurland fekk for til bana i Aurland.

Før flaumen i 2014 kom i Flåmselvi, vart foballbana i Flåm flittig brukt til trening og kampar når bana i Aurland ikkje kunne brukast, grunna mykje nedbør. Mannskap på cruiseskipi bode trena seg imellom og spelte kampar mot oss når, cruiseskipi låg til kai. Kunne me ikkje stilla fult lag lånte me spelarar frå manskpet. Særleg på kvardagar. Dette reklamerte hamnesjef John Erik Johnsen for. Dette var populært for bode rederi, mannskap og alle dei som såg på. Slike kampar hadde me og på den gamle idrettsplassen, men då var fotballgruppa i Flåm svært aktive. Det var vel difor me var i ein høgre divisjon enn Aurland.

Etter flaumen i 2014 brukte Aurland kommune idrettsbana i Flåm til lagerplass for vrakgods frå Flåmselvi og fjorden. Her vart brubjelkar og husrestar, tre, trerøter med meir frå elvi lagra, utan at ein einaste flåming eller medlemar frå idrettslagi i kommunen vart varsla. Alt dette vart liggjande på bana i over 4 år. Dette kunne kommunen lagt på den gamle idrettsplassen der det var rot frå før. NB! Kva ville Aurlendingane sagt om nokon hadde gjort det same med idrettsbana i Aurland???????

Etter rydding av bana, vart 2/3 deler av bana brukt til gratis parkerig for bilar og bubilar. Dette framleis utan varsel til brukarar eller eigarar av idrettsbana. 1/3 vart att til ballspel. Dette vart fort slutt på når parkerande fekk ballar på bilane sine. Spelarane vart jaga burt. Då forstår vanlege folk at den delen av bana vart lite brukt. Det var vel dette nokre tilsette i Aurland kommunen yngste.


Den noverande idrettsbana med parkeringsplass er ca- 7,5 mål. Den gamle er på 10 mål , + omland.

Så vil eg ha svar på nokre spørsmål:

Kven frå Aurland kommune, ved teknisk eining, har gjeve dette oppdraget til Norconsult AS?  
Kva politisk eller admonistrativt vedtak byggjer dette oppdraget på?

Helsing

Harald Sjursen





Sakstilfang til kontrollutvalet i Aurland

Til kontrollutvalet i Aurland  
v/ Frode Bekkestad  
5745 Aurland.

Flåm 2. april 2023.

Sak; Administrativ vedtak om bruk av idrettsbana i Flåm til permanent parkeringsplass m.m.

Har kommunedirektør Steinar Søgård gjeve ordre om dette? Eller kven har gjeve denne ordren?  
Bygjer dette på eit politisk vedtak? Eventuelt når?

Kommunestyrerepresentantar frå Flåm kjenner ikkje til dette. Det er berre ein av naboane til Idrettsbana som, tilfeldigvis, var kjennd med dette utspelet, før den oppsette klagefristen var ute.

Den same framgangsmåten vart og gjort med reguleringsplanen, den nedre del av Flåm. Det vil sei deler av Fretheim, Viki og Brekke.

Folk som bur i nedre del av Flåmselvi, særleg frå Lunden til sjøen, lever i varig angst for kva Flåmselvi vil gjera med dei, oss, og bustadene ved neste flaum, og ved ras, storm eller flodbylgje? Me ser ikkje noko i denne vedtekne reguleringsplanen som Aurland kommunestyre vedtok 30 mars 2023, som kan gje folk her tryggleik i tilverelsen her! Det føreligg heller ikkje statlege framlegg til tiltak som kan løysa desse overhengjane problemi, farane her i **Flåm** !!!! Det har eg tankar om.

Eg, og fleire med meg, har skrive og prøvd å få koma med framlegg og løysingar på naturproblemi i Flåm, men slik kommunikasjon legg ikkje planleggjarar eller valde politikarar opp til.

KVA SKAL EIN DÅ MED EI HØYRING NÅR ME SOM BUR HER, IKKJE FÅR KOMA TIL MED «BRENNANDE SPØRSMÅL ELLER FRAMLEGG» NÅR SPØRSMÅLI ER LÅSTE AV PLANLEGGJARANE PÅ FØREHAND? DETTE SKJER GONG PÅ GONG MED REGULERINGSPLANAR I FLÅM. - ME SOM HAR BUDT HER HEILE VÅRT LIV OG KJENNER BYGDI VÅR OG SOGA TIL FLÅM, VERT IKKJE TEKNE OMSYN TIL!!! -- OM EIN KJEM MED NOKO SKRIFLEG, VERT DET SJELDAN TEKE OMSYN TIL TIL DETTE, ELLER OFENTLEGGJORT!

( Eg legg ved; Kva er ei høyring? Frå Regjeringa.no)

Så nokre spørsmål, som kontrollutvalet bør spørja leinga av Aurland kommune, NVE og Fylkeskommunen med fleire om:

1. Når vart løve til å bruke den gamle idrettsplassen og området omkring til lagring og knusing av stein og samling av skrot og maskiner m.m.? Kvar er nabovarslet til dette? Har NVE goteke dette?
  2. Har NVE eller andre godteke heving av Nigardsbøane med oppfylling av sandmassar frå elvi etter flaumen i 2014? Har NVE godteke oppfylling av Aurøyane, når?
  3. Kvenn frå Aurland kommune har gjeve løyve til Bane Nor, Fretheim hotell m.f. til å bruka bussparkeringsplassen under E-16 brui? Kvar er vedtaket og kven har vedteke det?
  4. Kvar er søknaden og vedtaket om Bane Nor si utfyllt 2-3 m. ut i Flåmselvi frå overgangen ved Kleivi til boligområdet til Bane Nor? Kvar er vedtaket og kvenn har gjeve det?
- Fra før vart vegen forbi Flåm Camping fløtt 1,5 m. ut i Flåmselvi enn planlagt og Hokabrui vart 60 cm. smalare enn planlagt, då ein betongbjelke knakk ved montering av brui og greven ned på A-feltet Sjå vedlagt foto!
- Kvar var Aurland kommune sin kontrolør for bergge desse hendelsane? Sjå verdlagt foto av brui.

Harald Sjørsen





# AURLAND KOMMUNE

## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
012/23	Kommunestyret	09.02.2023

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
20/47 - 23/534	K1-080, K1-082, K3-&00	Anne-Mari Samskott 95818751	30.01.2023

### Justering av godtgjersle til Kontrollutvalet

#### Saka gjeld:

Justering av godtgjersle for Kontrollutvalet – oppfølging av vedtak i Kommunestyret sak KS-073/22.

Kommunestyret skal, jamfør kommunelova, gje forskrift om folkevalde sin rett til dekning av utgifter og økonomisk tap (§ 8-3), arbeidsgodtgjersle (§ 8-4) og ettergodtgjersle (§ 8-6).

Forskrifta vart først vedteke og kunngjort 13.02.2020, endra ved forskrift 16 des 2021 nr. 3762.

Det er behov for å justere godtgjersla for Kontrollutvalet.

Det vert difor gjort framlegg om endring av §§ 4c, 4d, 5b og 5c, i forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode, Aurland kommune, Vestland.

#### Tilråding frå kommunedirektøren:

1. Kommunestyret vedtek endring av §§ 4c, 4d, 5b og 5c i «forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode i Aurland kommune, Vestland»
2. Forskrifta trer i kraft ved kunngjering i Norsk Lovtidend.
3. Frå same tidspunkt opphevast §§ 4c, 4d, 5b og 5c i "forskrift om rett til godtgjersle og velferdsgode, Aurland kommune, Vestland" av 13.02.20 nr. 147, endra ved forskrift 16 des 2021 nr. 3762.

## Saksframlegg

Kontrollutvalet handsama på møtet den 15.11.22 ei sak om godtgjersle til medlemmar og leiar i kontrollutvalet. Kontrollutvalet ba om at godtgjeringa blir justert opp til gjennomsnittet for andre kommunar i Sogn i kommunen sitt budsjett for 2023. Kontrollutvalet sitt vedtak blei oversendt til kommunestyret. Aurland kommunestyre vedtok i sak 22/147 den 15.12.22 samrøystes at administrasjonen vurderer og kjem med framlegg til justert godtgjersle for leiar og medlem i kontrollutvalet for 2023. Dette gjeld § 4 d, og § 5 b og c i forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode i Aurland kommune, Vestland.

I forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode, Aurland kommune, Vestland av 13.02.20 nr. 147, Endra ved forskrift 16 des 2021 nr. 3762, gjerast følgjande endringar:

§ *Levekårsutvalet, Plan- og eigedomsutvalet og Kontrollutvalet*

4

c.

Leiaren i Levekårsutvalet, Plan- og eigedomsutvalet og kontrollutvalet får ei fast godtgjersle tilsvarande kr 22 000,- i året. Medlemmane får ei fast godtgjersle tilsvarande kr 17 000,- i året.

d. *Administrasjonsutvalet*

Leiaren i dette utvalet får ei fast godtgjersle tilsvarande kr 5000,- i tillegg til møtegodtgjersla per møte. Dette gjeld ikkje når ordførar eller varaordførar leiar administrasjonsutvalet. Tilsette sine representantar i administrasjonsutvalet får same godtgjersla som folkevalde medlemmar.

§ 5 b. For møteleiar i administrasjonsutvalet er møtegodtgjersla kr 1040,-.

c. For møtande medlemmar til administrasjonsutvalet, varamedlemmar til administrasjonsutvalet og varamedlemmar til kontrollutvalet er møtegodtgjersla kr 890,-.

## Vurdering

§ 4 d og § 5 b og c i noverande forskrift regulerer godtgjersler for Kontrollutvalet.

Desse godtgjerslene skil seg vesentleg frå tilsvarande verv i kommunale utval. Leiar i Kontrollutvalet har også lågare møtegodtgjersle enn snittet av kommunane i Sogn, sjå vedlegget *Honorar til kontrollutvala i Sogn*. Kommunedirektøren vurderer at godtgjersler til leiar og medlemmar av kontrollutvalet fastsetjast på eit rimeleg nivå slik det går fram av diskusjonen og vedtaket i KS-073/22. Ved ei oppjustering bør ein sjå til utval i same kommune, og unngå å skape for stor skilnad for godtgjering av utvalsarbeid. Å leggje godtgjeringa på nivå med Levekårsutvalet og Plan- og eigedomsutvalet vil svare ut dette. Det er for leiar fast godtgjersle på kr 22 000,- i året. Medlemma får ei fast godtgjersle tilsvarande kr 17 000,- i året.

Forskrifta trer i kraft først når den er formelt kunngjort i Norsk Lovtidend, jf. forvaltningslova § 38 første ledd.

### **Lovheimlar:**

I medhald av kommunelova skal kommunestyret gje forskrift om folkevalde sin rett til dekking av utgifter og økonomisk tap (§ 8-3), arbeidsgodtgjersle (§ 8-4) og ettergodtgjersle (§ 8-6).

Forvaltningslova kapittel VII gjeld for forskrifter. Kapitelet inneheld reglar om utgreiingsplikt, førehandsvarsling og uttalar frå interesserte (§ 37), om formkrav og kunngjering (§ 38), om verknaden av forsømt kunngjering (§ 39) og om høve til å fråvike forskrifter (§ 40). Endring i forskrifta er ikkje sendt på høyring etter § 37, fjerde ledd, bokstav c.

### **Uprenta vedlegg til saka:**

[Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode, Aurland kommune, Vestland - Lovdata](#)

<b>Inhabilitet</b>	<b>Følgjande møte</b>	<b>Merknad</b>
Frode Haaland Bekkestad	Leif Turlid	
Kristoffer Ullern Hansen		Vart ikkje erstatta, då det vart oppdaga at han var ugild fyrst då saka skulle handsamast.

### **09.02.2023 Kommunestyret**

#### **Handsaming i møte:**

#### **Røysting:**

Framlegg frå kommunedirektøren: samrøystes

#### **KS-012/23 Vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek endring av §§ 4c, 4d, 5b og 5c i «forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode i Aurland kommune, Vestland»
2. Forskrifta trer i kraft ved kunngjering i Norsk Lovtidend.
3. Frå same tidspunkt opphevast §§ 4c, 4d, 5b og 5c i "forskrift om rett til godtgjersle og velferdsgode, Aurland kommune, Vestland" av 13.02.20 nr. 147, endra ved forskrift 16 des

2021 nr. 3762.

Samrøystes

**Vedlegg:**

Honorar til kontrollutvala i Sogn

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

### Sak 6/2023 Årsrekneskap og årsmelding Aurland kommune 2022

<b>Sakshandsamar</b> Harald Mo	<b>Møtedato</b> 09.05.2023	<b>Saknr</b> 6/2023
-----------------------------------	-------------------------------	------------------------

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2022 for Aurland kommune slik den ligg føre. Uttalen blir sendt til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

#### VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	09.05.2023	Kontrollutvalet	Uttale frå kontrollutvalet til rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding (utkast).
2	02.05.2023	Aurland kommune	Årsrekneskap og årsmelding 2022
3	02.05.2023	KPMG	Revisjonsmelding

#### BAKGRUNN

I samsvar med kommunelova og forskrift om kontrollutval kap. 4, § 7 skal kontrollutvalet gje ein uttale til kommunerekneskapen. Uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannskapet. Uttalen skal vere formannskapet i hende tidsnok til at formannskapet kan ta omsyn til den før formannskapet gjer innstilling til kommunerekneskapet.

Aurland kommune har lagt opp til at årsrekneskapen skal handsamast i kommunestyret den 15. juni 2023.

#### AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER MV.

Kommunelova  
Forskrift om kontrollutval  
Forskrift om revisjon

#### SAKSUTGREIING

Sekretariatet mottok årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2. mai 2023.

Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen for Aurland kommune i 2022 er basert på årsrekneskapen for 2022, årsmeldinga for 2022 frå rådmann og revisor si revisjonsmelding.

I uttalen er det teke omsyn til følgjande punkt:

### **Netto driftsresultat**

- Netto driftsresultat viser kva kommunen sit igjen med av løpande inntekter etter at alle løpande utgifter er trekt i frå. I tillegg til inntekter og utgifter vedrørende den ordinære drifta, det vil seie til administrasjon og tenestetilbod, inngår også finansielle inntekter (renteinntekter, mottatt utbytte og eventuelle kursgevinstar på finansielle omløpsmidlar) og finansutgifter (renteutgifter, avdrag på lån og eventuelle kurstap på finansielle omløpsmidlar) i resultatbegrepet. I tillegg er indikatoren korrigert for avskrivningar slik at desse ikkje gjev resultat effekt. Netto driftsresultat vert og brukt som samanlikningsgrunnlag mellom kommunar.

Netto driftsresultat kan nyttast til finansiering av investeringar eller avsettast til seinare bruk, og gir dermed ein indikasjon på kommunen sin økonomiske handlefridom. For Aurland kommune var **netto driftsresultat for 2022 positivt med kr 90 556 447**, medan talet for 2021 var kr **37 152 907**. For Aurland kommune sin konsoliderte rekneskap var **netto driftsresultat for 2022 positivt med kr 99 576 012**, medan talet for 2021 var **kr 33 012 145**.

KS og Kommunal- og regionaldepartementet har sett opp eit mål på **1,75 %** for nøkkeltalet "netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene." Skal kommunen ha økonomisk handlingsrom og kunne avsetje til investeringar, tiltak som kjem utanom planane og ivareta formuesbevaringsprinsippet i kommunelova, bør netto driftsresultat opp på 1,75 % av driftsinntektene over tid. I Aurland kommune var netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene på 23,4 % i 2022 mot 11,6% i 2021. Måлтаlet for netto driftsresultat er innfridd med solid margin i 2022.

Drifta på tenestoområda viser samla sett eit mindreforbruk på kr. 58 mill. mot endra budsjett. Samanliknar vi mot opphavelag budsjett syner tenestoområda eit meirforbruk på kr. 1,3 mill.

Rådmannen peikar i årsmeldinga på at resultatet kjem av veldig høge prisar på straum.

### **Auke i arbeidskapital og styrka likviditet**

Arbeidskapitalen gir uttrykk for likviditeten i kommunen, dvs deira evne til å betale gjeld ved forfall. Arbeidskapitalen omfattar bankinnskott, verdipapir og fordringar etter frådrag for kortsiktig gjeld. Arbeidskapitalen har auka frå kr 112 mill. i 2021 til kr 154 mill. i 2022.

### **Langsiktig gjeld (låneutvikling og pensjonsforpliktingar)**

#### **Låneutvikling**

Langsiktige lån er redusert frå kr. 256 mill. i 2021 til kr. 247 mill. i 2022. Langsiktig lånegjeld utgjer i 2022 64 % av driftsinntektene, mot 80 % i 2021. Av dette utgjer 91% av gjelda eigne investeringar

#### **Pensjonsforpliktingar**

Pensjonsforpliktingane til kommunen har auka, og utgjer no kr. 359 mill, mot kr. 334 mill. i 2021. Fråtrekt pensjonsmidlane er netto pensjonsmidlar positive med kr. 7 mill mot positive med kr. 9 mill. i 2021.

## **Drift**

Konsesjonskraftinntektene er kr 64 mill høgare enn budsjettet.

Den største meirforbruket mot regulert budsjett har kommunal driftseining med 2,3 mill. i meirforbruk. Dette skuldast etterslep på vedlikehold av kommunale bygg og samferdsel, samt at parkeringsordninga ikkje kom i gang for 2022.

Pleie og omsorg har eit mindreforbruk på kr 1,9 mill. Rådmannsfunksjonen har eit mindreforbruk på kr. 1,9 mill.

Elles har det berre vore mindre avvik mot regulert budsjett på tenesteeiningane i 2022 og det er ingen einingar som krev særskilte forklaringar. Sjå årsmeldinga for nærare detaljar om den enkelte teneste-eininga.

## **Revisjonsmeldinga**

Revisor har ingen merknader til årsrekneskapen for 2022.

## **Konklusjon:**

Med bakgrunn i denne saksutgreiinga, årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding er det utarbeidd ein uttale til Aurland kommune sin årsrekneskap for 2022 (vedlagt).

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

---

Kommunestyret i Aurland kommune

Aurland 09.05.2023

### **Fråsegn frå kontrollutvalet, årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2022 Aurland kommune**

Kontrollutvalet har i møte den 09.05.2023 handsama Aurland kommune sitt rekneskap for 2022.

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen, rådmannen si årsmelding for 2022 og revisjonsmeldinga, datert 2. mai 2023. I tillegg har rådmann og revisor supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar. Revisor har ikkje merknader til årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022 for Aurland kommune.

Kontrollutvalet har merka seg at Aurland kommune sitt rekneskap for 2022 viser eit netto driftsresultat på kr 90 556 447 for kommunen og 99 576 012 for konsolidert rekneskap. For 2021 var netto driftsresultat kr 37 152 907 for kommunen og 33 012 145 for konsolidert rekneskap. Auke i konsesjonskraftinntekter er årsak til vekst i resultatet.

Kontrollutvalet ser at disposisjonsfondet har auka frå kr. 38,7 mill i 2021 til kr. 113,3 mill i 2022. Dette er ei svært positiv utvikling.

Ut over overnemnde, og det som kjem fram i saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka har kontrollutvalet ikkje merknadar til Aurland kommune sitt rekneskap for 2022.

Aurland, 9. mai 2023

Frode Bekkestad  
Kontrollutvalsleiar

Kopi til:  
Formannskapet



# Årsrekneskap og årsmelding 2022

Sak 6 Vedlegg 2

## Aurland kommune



## Innhald

Kommunedirektøren si innleiing .....	4
Organisasjonen og personalstatus .....	7
Stillingar .....	7
Heiltid og deltid fordelt på kjønn .....	7
Sjuefråvær .....	7
Kjønnsdeling .....	7
Foreldrepermisjonar .....	8
Fremje likestilling og hindre diskriminering .....	8
Felles kompetanseutvikling 2022 .....	9
AMU, kvalitetssystem og HMT-planar .....	10
Avvik i Aurland kommune .....	10
Internkontroll og tilsyn .....	10
Omstillingsprosjektet 2022 - 2023 .....	12
Folkevalde .....	13
Rådmannsfunksjon .....	14
Støtte og digitalisering .....	14
Forvaltning og utvikling .....	15
Tenestoområda .....	17
Pleie og omsorg .....	17
Bu og miljøtenester .....	20
Helse og førebygging .....	22
NAV Aurland .....	24
Aurland og Lærdal barnevern .....	25
Kultur .....	26
Teknisk eining .....	29
Aurland barne- og ungdomsskule og vaksenopplæring .....	32
Flåm skule .....	34
Kommunale barnehagar .....	35
Flåm barnehage .....	35
Vangen barnehage .....	36
Kommunestyret 2022 – saker .....	37
Investeringsprosjekt .....	39
Årsrekneskap .....	44
§5-4 første ledd - drift. ....	44
§5-4. andre ledd - drift. ....	45

§ 5-5 Investering.....	46
§ 5-6 Drift.....	47
§ 5-8 Balanse .....	48
§ 5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar .....	49
Note 1 – Prinsippnote/grunnleggjande rekneskapsprinsipp.....	49
Note 2 Endring i arbeidskapital (F § 5-10 a) ) .....	51
Note 3 Pensjon (F § 5-12 c) .....	52
Note 4 Kommunens garantiansvar (F § 5-12 d) ) .....	53
Note 5 Fordringer og gjeld til kommunale foretak, bedrifter og samarbeid.....	53
Note 6 Aksjar og andeler i varig eie (F § 5-11 b) ) .....	54
Note 7 Bruk og avsetning av fond (F § 5-13 a) ) .....	55
Note 8 Kapitalkonto (F § 5-10 b) ) .....	56
Note 9 Avsetning/bruk av nærings og konsesjonsavgiftsfondet 2021 .....	57
Note 10 Anleggsmidler .....	58
Note 11 Langsiktig gjeld og avdrag.....	59
Note 12 Gebyrfinansierte sjølvkosttenester .....	62
Note 13 Lønnskostnadar og Ytingar til leiande personar og revisor .....	63
Note 14 Spesifikasjon av inntekter.....	64
Note 15 Samla ekstern gjeldsforplikting .....	64
Note 16 Sal av konsesjonskraft.....	64
Note 17 Ressursevande brukarar .....	65
Note 18 Tapsavsetjing .....	65
Note 19 Kostnad pr eining.....	66
Note 20 Investeringar 2021.....	67
Konsolidert rekneskap.....	68
Investering §5-5.....	68
Drift §5-6 .....	69
Balanse § 5-8 .....	71
Noter konsolidert rekneskap.....	73
Note 1 – Prinsippnote/grunnleggjande rekneskapsprinsipp.....	73
Note 2 – Konsernrekneskap .....	74
Note 3 – Arbeidskapital .....	75
Note 4 - Aksjar og andeler i varig eie.....	75

## Kommunedirektøren si innleiing

Årsmeldinga er ein del av kommunedirektøren sin rapportering til kommunestyret. Årsmeldinga gir ei oversikt over kommunen si verksemd i året som har gått, og peikar samtidig på utfordringar som ligg føre oss.

Året 2022 starta med å avslutte korona. Normalt opent samfunn vart igjen ein realitet.

Ukraina vart ramma av krig i februar, og eit nytt stort samfunnsoppdrag kom til Aurland. I mars kom oppfordring om busetting av 15 flyktingar, og det skal busettast inntil 15 nye i 2023. Arbeidet er omfattande, og det vert gjort god innsats av felles flyktingteneste me har saman med Lærdal kommune, lokalt tilsette ved NAV, tenesteeiningane og det frivillige arbeidet i Aurland.

3. november 2022 vedtok kommunestyret ny samfunnsdel i kommuneplanen. Planen har fått gode tilbakemeldingar, og skal brukast som styringsverktøy for både administrasjonen og dei folkevalde. Planen gir viktige føringar og tydeleg retning slik at administrasjonen kan følge opp i økonomiplanarbeidet. Koplinga mellom samfunnsdelen og økonomiplanen er ein føresetnad for at samfunnsdelen skal fungera som eit politisk styringsverktøy. Økonomiplanen for 2024-2027 vil framstå i ny drakt med klare koplingar til samfunnsplanen. FN sine berekraftsmål skal ligge til grunn for å ivareta mål om sosial, økonomisk og miljømessig berekraft. Klima og miljø saman med folkehelse er gjennomgåande tema i planen, og er heilt sentralt i ein berekraftig samfunnsutvikling.

### Tenesteproduksjon

2022 har vore nok eit år med svært høg aktivitet. Tenestene leverer godt, og med god økonomistyring. Ikkje alt er gått etter planen, men det har sine naturlege årsaker. Særleg ser me innafor kommunen sine investeringsambisjonar at det er vanskeleg å halde tritt. Noko skuldar vanskeleg leveringstider og kostnadsutfordringar, men i all hovudsak er forklaringa at tal prosjekt er for høgt sett opp mot kapasitet i organisasjonen.

Fleire av tenesteområda til dels vore prega av rekrutteringsutfordringar. Arbeidsmarknaden er stram, og det er krevjande å rekruttera riktig kompetanse. Det har vore vakansar på fleire områder, og driftssituasjonen blir innimellom krevjande. Framover vil tilgang på arbeidskraft vere den aller største utfordringa.

Det er difor innført ei rekke rekrutteringsfremjande tiltak, og kommunestyret vedtok i februar 2022 eit svært omstillingsprosjekt der ulike tiltak til saman skal kunne gjere kommunen førebudd på framtida. I tillegg har kommunen fart på digitaliseringa gjennom samarbeidet i IKT Nord Hordaland. Dei naudsynte endringane som kommunen står framføre vil krevje modige politiske avgjersler og leiing.

### Økonomisk utvikling og mål

Netto driftsresultat vart svært positivt med 90 mill. kr. Måлтаlet er eit netto driftsresultat på minst 1,75% av brutto driftsinntekter. Resultatet i 2022 vart om lag 24%. Konsekvensane av krigen i Ukraina, lite vind i Europa og låge vassreservar i kraftmagasina førte til veldig høge prisar på straum. Dette er hovudforklaringa på kommune sitt store overskot, og der er ikkje noko me kan rekne med framover. Det er forventa ei «normalisering» av straumprisane i løpet av nokre år. I tillegg er det press på vasskraftkommunane sine inntekter frå sal av konsesjonskraft. Både i forslag til nytt inntektssystem, og forslag til nytt skatteregime for vasskrafta, tyder på at dette vil forsette.

Gjeldsgraden til kommunen var i 2022 på 58%. Målsettinga er å halde gjeldsgraden under 75%. Låg gjeldsgrad i 2022 må sjåast saman med ekstraordinære høge inntekter. Gjeldsbelastninga gjer eit stort innhogg i drifta, og med stigande renter vil dette auke på i dei nærmaste åra. I 2023 vil gjeldsgraden auke til om lag 82%. Kommunen sin investeringsvolum bør reduserast i 2023.

## **Årsverk og sjukefråvær**

Det vart utført 204 årsverk i 2022, og totalt tal tilsette var 265. Tal årsverk viser ein liten nedgang frå 2021, og det har halde seg stabilt over fleire år. Samstundes har aktiviteten auka og oppgåvene blitt fleire. Digitalisering og omstillingar i organisasjonen er noko av forklaringa på at me klarer å arbeide stadig meir effektivt.

Gjennomsnittleg sjukefråvær inkludert eigenmeldingar var 6,5 % i 2022. Dette er stigande frå året før, og skuldast koronautbrotet kom seint til Aurland. Likevel er sjukefråværet lågt samanlikna med andre kommunar.

I 2022 var den gjennomsnittlege stillingsstorleiken på 78,9%. Kommunen har vedtatt heiltidserklæring, og det er vedtatt tiltak som skal fremje heiltidskultur i organisasjonen.

Det vert arbeidd kontinuerleg med førebyggjande tiltak og oppfølging av sjukemeldte. Dette skjer i tett samarbeid mellom leiarar og medarbeidar for å sikre god oppfølging og auka nærværet.

Gjennomsnittsalderen i kommunen er 46 år.

## **Etisk standard, likestilling og diskriminering.**

Kommunen har «Etiske retningslinjer». Desse ligg til grunn for både tilsette og folkevalde sin rolleutøving. Gode mellommenneskelege forhold, respekt samt språk og veremåte som ikkje støytar nokon unødig er forankra i dei etiske retningslinjene. Utidig oppførsel og mobbing kan ikkje akseptast. Dette er diverre noko som av og til førekjem, blant anna i sosiale media. Retningslinjene er frå 2009, og det bør utarbeidast nye og meir tidsriktige tidleg i neste valperiode.

Det er og utarbeida og vedtatt ein kommunikasjonsstrategi for Aurland kommune i 2022. Kommunikasjon er strategisk og kraftfullt verkemiddel i ulike prosessar, både internt og eksternt. Kommunikasjonsstrategien legg føringar på korleis me skal kommunisere med kvarandre. God kommunikasjon bygger på tillit, og er med på å betre omdømet vårt. Om alle følger dei prinsippa og strategiane som er vedtatt, vil det vere med på å bygge gode relasjonar og legitimitet som eigen kommune.

Kommunen legg IA-avtalen til grunn for sitt arbeid. Det vert søkt å finne moglegheiter for midlertidig tilrettelegging saman med den tilsette.

Det har vært auka fokus på partssamarbeid gjennom involvering og samarbeid på fleire arenaer og nivå i 2022.

Kommunen praktiserer likestilling uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.

## **Avslutning**

Tenesteproduksjonen vart i 2022 god for våre innbyggjarar. I tillegg løyste me samfunnsoppdraget når det gjeld busetting av flyktningar – det godt å kunne stille opp i ein slik situasjon. Medarbeidarane må i 2023 vise omstillingsevne, ta ansvar og vise omsorg i ei krevjande tid. Det har me stor tru på når me ser den store innsatsen som er vist gjennom året 2022.


Stor takk til alle medarbeidarane, tillitsvalde og leiarar i Aurland kommune – det vert utført gode tenester kvar dag for våre innbyggjarar. Takk for stor innsats og godt samarbeid.

Tusen takk til ordførar og folkevalde for samarbeidet, saman gjer me Aurland til en god kommune for våre innbyggjarar.

Framleis det naturlege valet!

*Steinar Sjøgaard*  
Kommunedirektør

Frå statusanalysen i KS:



2022 vart eit år Aurland kommune kan sjå tilbake på med stor innsats frå våre medarbeidarar som løyste oppgåvene.

## Organisasjonen og personalstatus


Aurland kommune er ein kompleks organisasjon med mange ulike tenester, kompetansekrav og brukarbehov/brukarmasse. I dette kapittelet vert det gjort reie for personalstatus i Aurland kommune, kompetanseheving og behovet for omstilling.

### Stillingar

I 2022 var det totalt 265 tilsette i Aurland kommune. Tal på årsverk var 204,68. Det var 205 kvinnelege tilsette og 59 mannlege tilsette i kommunen.

Gjennomsnittleg alder for kvinner var 47 år og gjennomsnittleg alder for menn var 44 år i Aurland kommune. Totalt er gjennomsnittsalder i kommunen er 46 år, sida det er fleire kvinner enn menn. 108 av dei 264 tilsette jobbar deltid. Nokre stillingar kan ikkje vere heiltid, som til dømes stillingar i brannvesenet, biblioteket og fritidsklubben.

### Heiltid og deltid fordelt på kjønn



### Sjukefråvær

Gjennomsnittleg sjukefråvær inkludert eigenmeldingar var 6,5 % i 2022. Dette er stigande frå året før. Ei forklaring er at koronautbrotet kom seint til Aurland kommune. I februar og mars var det ekstraordinær høgt sjukefråvær i forhold til kva kommunen er vand med. Dette aukar gjennomsnittet for år 2022. I tillegg var det større utgifter på overtidsløn som følgje av koronarelatert fråvær.

Sjukefråvær	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sep.	Okt.	Nov.	Des.
Kvinner	6,0%	8,9%	10,6%	6,0%	6,8%	7,5%	4,4%	4,4%	5,1%	6,0%	7,5%	6,2%
Menn	4,2%	8,3%	8,4%	4,3%	7,9%	7,0%	5,4%	6,5%	5,9%	4,8%	5,2%	5,7%
Totalt	5,7%	8,8%	10,1%	5,7%	7,0%	7,4%	4,6%	4,8%	5,3%	5,8%	7,0%	6,1%

### Kjønnsdeling

Rapportering om	% menn	% kvinner	Kommentar
Kjønnsdelt oversikt over alle tilsette (ikkje oppdragstakarar)	23%	77%	
Kjønnsdelt oversikt over leiarar i HTA kap. 3	17%	83%	Inkl. kommunedirektør og avd.leiar stødig/forut
Kjønnsdelt oversikt over akademikarar i kap. 5	50%	50%	Krav til master eller tittel ingeniør
Kjønnsdelt oversikt over tilsette i kap. 4	21%	79%	
Seniortiltak			Kun undervisningspersonell, regulert i HTA.
Deltidsarbeid friviljug	0%	1,47%	
Midlertidig tilsette	13%	87%	



## Lønsforskjellar kvinner og menn

Omfatta av kapittel i hovud-tariff-avtalen	Gjennomsnittleg lønn kvinner	Gjennomsnittleg lønn menn	Gjennom-snittleg skattepliktige naturalytingar, kvinner	Gjennom-snittleg skattepliktige naturalytingar, menn	Gjennom-snittleg overtidsbet. kvinner	Gjennom-snittleg overtidsbet. menn
Leiarar kap 3.	761.332	934.093 (inkl.kom.direktør)	4.392 (fri mobil)	4.392 (fri mobil)	Komp.dagar	Komp.dagar
Akademik-arar kap. 5	769.814	679.300	732 (fri mobil)	2.928 (fri mobil)	Kr. 5.545	KR. 9.256
Fagarbeid-arar kap. 4	464.831 (inkl.konsulent/ sekretær)	459.493(inkl.konsulent/ sekretær)	68 (fri mobil)	1.098 (fri mobil)	Kr.9.873	Kr. 21.662
Leiarar kap. 4	615.705	542.810	399 (fri mobil)	2.635 (fri mobil)	Kr. 6.315	Kr. 33.225
Andre kap. 4	496.277	450.336	86 (fri mobil)	325 (fri mobil)	Kr. 17.273	Kr. 10.520

\*Alle tal i kroner

## Foreldrepermisjonar

I tillegg til rapportering av kjønnsdeling og lønsforskjellar mellom kvinner og menn, må kommunane rapportere om uttak av foreldrepermisjon fordelt på kjønn.

Rapportering om	Tal menn	Tal kvinner
Kjønnsdelt uttak av foreldrepermisjon	0 stk	6 stk
Uttak av fedrekvote	3 stk	

Tabellen syner at det berre er kvinner som har teke ut foreldrepermisjon i 2022 i Aurland kommune. Menn har teke fedrekvota. Foreldrepermisjonen er tida som er felles for mor og far, og der foreldra kan velje kven som skal ta permisjon.

## Fremje likestilling og hindre diskriminering

Aurland kommune har i 2022 gjort ei rekke grep for å møte den lovpålagde aktivitetsplikta om å fremje likestilling og hindre diskriminering.

I tillegg til rapportering på lønsforskjellar mellom kjønn m.m, er det utarbeida nye politiske retningslinjer som påpeikar at Aurland kommune skal gjennom lønspolitikken bidra til likeløn mellom kjønn, etnisitet og legning. På det årlege drøftingsmøte om lokale lønsforhandlingar skal likeløn mellom kjønn, etnisitet og legning vere tema. I tillegg skal likeløn ved nyttilsetjing spesielt vurderast. Likeløn gjeld for arbeid av lik verdi. Meiransvar kan gje høgre løn for tilsette med utvida ansvar.

I den nye samfunnsplanen er målet at kommunen skal arbeide for å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel/adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, alder og andre vesentlege tilhøve ved ein person.



I den nye kommunikasjonsstrategien til kommunen er det presisert at Aurland kommune skal vere ein inkluderande arbeidsstad. Følgjande tiltak er viktig:

- Tilsette i Aurland kommune skal møte personar som er i praksis (gjennom studie, NAV m.m) med ein inkluderande dialog og inviterande kommunikasjon.
- Aurland kommune skal følgje retningslinene i IA-avtalen.
- Tilsette i Aurland kommune skal møte alle kollegaer med ein positiv og inviterande dialog uavhengig av kjønn, alder og legning.

Kommunikasjonsstrategien blir brukt i personalmøte og skal nyttast som eit verktøy i organisasjonen.

At kommunen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, etnisitet, legning, kultur, språk, religion m.m er no skildra i fleire planar, som til dømes rammeplanar på oppvekstområdet og HMT-systemhandbok for heile kommunen.

### Felles kompetanseutvikling 2022

Månad	Kompetansehevingstiltak:	Målgruppe:
Januar	Kurs og prosessdag om hovudavtalen – med KS	Leiarar, tillitsvalde, HR
Jan. – sep.	Opplæring i nytt kvalitetssystem og samhandling 365 og nye elektroniske fagsystem	Fagpersonar, leiarar og stab
Januar	Sentralt avtalekurs med KS	Leiarar, løn og HR
April	Opplæring i Framsikt	Stab
Juni	Kurs i endringsleiing	Tenesteleiarar og prosjektgruppa for omstillingsprosjektet
September	Teambuildingsdag på Fretheim hotell, inkl. kompetanseheving	Alle tilsette på HEFØ, bu/mil og pleie/omsorg + ordførar og HR
Desember	Klimakonferanse 2 dagar	Stab, kommunedirektør og nokre tenesteleiarar
Heile året	Deltaking på CRP nettverk om gode tenester til menneske med utviklingshemming.	Bu og miljø
Heile året	Satsing på desentralisert sjukepleieutdanning i samarbeid med Sogn regionråd.	HEFØ, Bu/Mil og Pleie/omsorg
Februar – Juni	Kurs for å ta utrykkings sertifikat	Fleire tilsette i brannvernet
Vår 2022	COS-kurs (circle of security) og sertifisering	Tilsette i barnehagane, skulane og barnevernet
Vår 2022	Kurs om vald og trugslar med bedriftshelsetenesta Avonova og politiet	Fleire einingar
Vår 2022	Tverrfagleg samling om forebyggande arbeid og koordinerte tenester for barn og unge med Statsforvaltaren – tenesteleiar	Oppvekst

Utover dette er det fleire individuelle kompetansehevingstiltak som ikkje blir rapportert på her.



Bilde frå teambuilding- og kompetansehevingsdag på Fretheim hotell 28. september 2022

## AMU, kvalitetssystem og HMT-planar

Det var 4 møte i AMU i 2022.

Alle einingar skal ha utarbeidd einingsvise HMS-handlingsplanar i 2022 saman med bedriftshelsetenesta i 2022.

Aurland kommune fekk elektronisk kvalitetssystem i september 2022. Der er alle personalreglement, HMT-systemhandbok, retningsliner m.m lagt inn. I kvalitetssystemet skal det registrerast avvik som skal følgjast opp. Kvalitetssystemet har bidratt til å auke internkontrollen i kommunen. Avvik og varsel kan registrerast her:

[Avvik | Hjem \(aurland.kommune.no\)](http://aurland.kommune.no)

## Avvik i Aurland kommune

Tal avvik 2022	Tal opne avvik	Tal lukka avvik
15	0	15

## Internkontroll og tilsyn

Gjennomførte tilsyn/kontrollar	Resultat	Tiltak
Heimebaserte tenester hadde tilsyn frå Arbeidstilsynet 22.09.2022	Det vart gitt pålegg: <ul style="list-style-type: none"> <li>Dokumentere innhald på opplæring som verneombod har fått</li> <li>Kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan vold, truslar om vold og uheldige belastningar</li> <li>Informasjon og opplæring om vold og truslar om vold</li> <li>Psykisk helse: kartlegging og risikovurdering</li> <li>psykisk helse: handlingsplan og tiltak</li> <li>manuelt arbeid: kartlegging, risikovurdering og handlingsplan, samt tiltak</li> <li>biologiske faktorar kartlegging og risikovurdering</li> </ul>	Alle punkt bortsett frå vold og truslar er godkjent/lukka. Arbeidstilsynet har vedtatt nytt pålegg om vold, truslar, og uheldige belastningar, kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan med frist 24.04.2022. Pålegg inneheld at bedriftshelseteneste må bistå pleie og omsorg i dette arbeidet. Pålegg ble


		oppfylt og lukka 09.05.2022.
Smittevern- revisjon 02.11.2022	Infeksjonskontrollprogram(IKP),handtering/førebyggingavhelsetenesteassosierteinfeksjonar(HAI)ogresistens.	Avvik ble lukka 01.02.2023
Tryggleik NAV	Gjennomgang av politiet av lokala og persontryggleik.	Saman med tillitsvalde. Status OK.
Mattilsynet: Farekartlegging Teknisk	Farekartlegging som gjeld vasstilsigsområde og vasskjelde, samt evt beskyttelsestiltak – 07.12.2022 Positivt resultat og gode tilbakemeldingar. Ingen avvik.	
Forvaltningsrevisjon av Teknisk eining av KPMG	Positivt resultat og gode tilbakemeldingar. Mindre avvik.	Vert arbeidd med, del av utviklingsprosjekt for eininga.
<b>Miljøretta helsevern:</b> Tilsyn med bassenget ved Aurland idrettshall.	Positivt resultat og gode tilbakemeldingar. Ingen avvik, ein merknad.	
Miljøretta helsevern – lydtilhøve på Flåm skule, etterklangstid og støy frå tekniske installasjonar	Det må gjerast tiltak for å redusere støy i frå ventilasjonsanlegg i gangen ved SFO, gymsal og grupperom.	Frist for utbetring av lydforhold er sett til 15.08.2023. Teknisk avdeling har ansvar for dette vidare.

I tillegg har alle einingar årleg vernerunde med verneombod og/eller bedriftshelsetenesta Avonova.



## Omstillingsprosjektet 2022 - 2023

I 2022 starta arbeidet med omstilling i Aurland kommune. Etter at mandat for omstillingsprosjektet vart vedteke i februar 2022 har hovudprioritert mål vore å omstille for å møte rekrutteringsutfordringane. Det vil seie å endre måten drifta vert organisert på, slik at tenester i framtida er forsvarleg med færre arbeidshender. Får kommunen til endringar som fører til at tilsette kan samhandle tettare og bruke kompetansen sin rett, så vil det føre til betydelege reduserte utgifter. Både på grunn av at bygningsmassar vert nytta betre, i tillegg til at ein kan avhende bygningsmasse, og fordi tilsette kan nyttast på fleire brukarar av tenestene våre. Slik vil målet om innsparing skje gradvis gjennom organisasjonsendringane. Eit anna poeng i omstillinga er at Aurland kommune vil danne grunnlag for betre fleksibilitet i organisasjonen. Tilsette må bidra der det er behov og der ein har kompetanse til å bidra.



Kjelde: SSB/Telemarksforsking

Framskrivinga syner ei nesten dobling av innbyggjarar over 80 år i 2050. Barn i barnehagealder får ei svak auke dei neste åra, men etter år 2030 stabilisere seg (noko svak nedgang mot 2050). Barn i grunnskulealder vil reduserast dei neste åra, men etter år 2025 få ei auke som stabiliserer seg etter år 2035.

Personar i arbeidsfør alder vil halde seg tilnærma stabil ved at innbyggjarar mellom 20-44 år vert færre etter 2030, medan innbyggjarar mellom 45-66 år vert omtrentleg tilsvarande fleire i 2050.

Det vil sei at eldre innbyggjarar (80+) får ei betrakteleg større auke enn innbyggjarar i arbeidsfør alder.

I november 2022 vedtok kommunestyre 6 punkt som skulle jobbast vidare med i omstillingsprosjektet. Kvar av desse punkta vart eit delprosjekt med prosjektleiar og prosjektgruppe. Desse delprosjekta skal levere rapport og tilråding i løpet av 2023. Vedtaka ligg i tabell under.

1. Aurland kommune startar eit organisasjonsutviklingsprosjekt med sikte på å oppretta 3 kommunalområde, med ein eigen kommunalleiar. Det skal konkretiserast organisering under det einskilde kommunalområdet, og kva type tenester som skal inngå. Totalt tal leiarar som fylgje av omstillinga skal ikkje auke. Det må leggjast vekt på god og brei involvering. Endeleg organisering skal oppatt til politisk behandling.
2. Aurland kommune vedtek å gjennomføre eit folkemøte i Flåm med utgangspunkt i oppvekstsintersaka. Dette for å sikre brei involvering i ei sak som vedkjem heile bygdesamfunnet. Saka skal og sendast ut på høyring med moglegheit for innspel. Etter dette kjem saka tilbake til politiske behandling.
3. Aurland kommune vedtek at det skal arbeidast for å samle helse- og omsorgstenestene i Skjerdalsvegen (ved helsetunet). Inkludert kontorfasilitetar og –plass for administrasjonen. Framtidig bruk av Vangen Barnehage og Fjordsenteret skal vurderast i same prosess.
4. Aurland kommune skal vurdere sal av omsorgsbustadane i Flåm. Med sikte på sal av heile bygningsmassen gjennomført i løpet av 1. halvår 2023. I tillegg må gjerast ei vurdering om behovet for å oppretthalde tilbod i Vetleli bufellesskap, og gje eit tilbod til brukarane av desse tenestene i dei nye bueiningane i Skjerdalsvegen.
5. Aurland kommune vedtek oppstart av eit moglegheitsstudie om interkommunalt samarbeid om helsetenester, som omfattar legeordninga, barnekoordinator og rådgjevande eining for russaker. Kommunestyret vedtek at konsulentmiljø vert engasjert i utgreiingsarbeidet om legeordninga, i samspel med ei nedsett arbeidsgruppe med representantar frå kvar av kommunane. Rapport frå utgreiingsarbeidet med tilrådingar, skal liggje føre til 01.06.2023. Interkommunalt samarbeid kring handsaming og oppfølging av løyver etter alkohollova og serveringslova skal og utgreiast.
6. Aurland kommune skal utgreie moglege alternativ for organisering av NAV-kontoret.

## Folkevalde

Ordførar Trygve Skjerdal

### Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

- Ordførar
- Møte i folkevalde organ

Det er gjennomført politiske møte i tråd med møteplan med følgjande merknader:

Det vart gjennomført eit ekstramøte i formannskapet. I plan- og eigedomsutvalet og levekårsutvalet var det enkelte forskyvingar av møtedatoar. Det vart avlyst to møte i levekårsutvalet grunna ingen saker.

### Mål/utviklingsområde 2022 :

- Det vart gjennomført økonomiplanseminar på Fretheim hotell 1. og 2. september
- 3 folkevalde fekk fritak frå alle politiske verv

### Økonomi/ressurs:

Opphaveleg budsjett 2022	Endra budsjett 2022	Rekneskap 2022	%
Kr. 2.495.300	Kr. 2.495.300,-	Kr. 2.768.674,-	111%

Avviket skuldast overføring til politiske parti (kr. 140.678,-). Dette var utelete i budsjettet. I tillegg var det ei auke i pris på kontingentar på konsesjonsavgift og styrka satsing i regionsamarbeidet (kr. 155.532,-).



Avdelinga har fått tilsett kommunikasjonskoordinator og ny økonomileiar i 2022.


Det har vore stor fokus på:

- Omstillingsprosjektet
- Informasjonssikkerheit og personvern. Det er etablert eigen sikkerhetsorganisasjon i ikt-samarbeidet. I denne er det med ein sikkerkoordinator frå kva kommune.

Lærdal kommune har sagt opp oppgåva med økonomi- og lønsarbeid som Aurland har utført for dei frå 1.1.23. Mot slutten av året vart det jobba med omfordeling av oppgåver.

Alle kommunestyremøte vert strømma direkte og deretter lagt ut i opptak. Bilete viser antall som fulgte direkteendinga.

I tillegg vert opptak av møta lagt ut i etterkant. Bilete viser tal visningar.



## Rådmannsfunksjon

### Støtte og digitalisering

#### Leiar

Beathe Ekhall Stentvedt

#### Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

Støtte og digitalisering har ansvar for drift og utvikling av fellestenester og støttetjenester til einingane:

- Sentralarkiv
- IKT/telefoni
- Informasjon
- HR/Personal
- Politisk sekretariat
- Økonomi, løn og fakturering for Aurland og Lærdal kommune
- Sentralbord/resepsjon
- Informasjonstryggleik og personvern



### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Rutinar og reglement innafor HR/personal, informasjonstryggleik, personvern, økonomi, arkiv og IKT. Kvalitetssystem/internkontrollsystem, heimesida, Facebook-sida, bedriftshelsetenesta, arbeidsmiljøutvalet og skulefagleg rådgjeving.

Oppfølging av politiske vedtak

- Vedtak om å utarbeide heiltidserklæring innan 1. mars 2023.
- Vedtak om å følgje opp 6 punkt i omstillingsprosjektet, som er blitt til 6 ulike delprosjekt som totalt er eit prosjektprogram. I rådmannsfunksjonar ligg rollene som programkoordinator og prosjekteigar.

### Resultatvurdering:

- 2022 var første året for kommunen og avdelinga i nye IKT-samarbeidet med IKT Nordhordland. Avdelinga har hatt fokus på dagleg drift av kjerneoppgåvene, opplæring av nye digitale fagsystem og tilpasse oss krav og moglegheiter i det nye samarbeidet.
- Innført samhandlingsplattform for informasjon og samhandling for alle tilsette i organisasjonen.
- Vedteke eigen kommunikasjonsstrategi.
- Revidert lønspolitiske retningslinjer.
- Vedteke heiltidserklæring.
- Revidert permisjonsreglement.
- Innført Kommune-Kari (automatisk chatte-teneste for heimesida).
- Nytt system for registrering av arbeidstid (Visma Tid).
- Ny løysing for elektroniske skjema.
- Gjennomført lokale forhandlingar i kap. 3 og 5.
- Ferdig utbygd breiband området Li-Vikesland-Kvitt-Otternes.
- Søkt på og fått midlar til utbygging av breiband strekninga Bakka-Tufto.
- Teikna kontrakt for utbygging av breiband for strekninga Fiskhamar-Skjerdal og Bjørgo-Turlid.

### Økonomi/ressurs:

Opphavelog budsjett 2022	Endra budsjett 2022	Rekneskap 2022	%
Kr. 26.893.820,-	Kr. 27.141.419,-	Kr. 25.225.041,-	93%

### Medarbeidarar:

11,9 årsverk fordelt på 13 personar.

### Forvaltning og utvikling

Leiar: Steinar Sjøgaard (fag) og Beathe Ekhall Stentvedt (personal)

I løpet av 2023 vil FORUT inngå i kommunalområdet for samfunnsutvikling.

### Kjerneoppgåver:

- Kommunal planlegging
- Handsaming av private reguleringsplanar
- Byggesakshandsaming
- Oppfølging av ulovlege byggesaker

- Næringsretta arbeid
- Kommunalt eigarskap
- Samfunnsutvikling
- Landbruk (eiga årsmelding for landbruk)

#### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

- Samfunns- og økonomiplanlegging
- Reguleringsplanar
- Koordinere kommunen sitt arbeid med vassforvaltning, klimatilpassing og næringsretta arbeid
- Oppfølging av verdsarvstatus og verneområde
- Oppfølging Nordfjellarådet

#### Byggesak: Med raudt er frå 2022

- Det er gjort 83 delegerte vedtak med heimel i plan og bygningslova i 2022. Dette omfattar løyve til tiltak, igangsetting, ferdigattest og klager på administrative vedtak.
- Samla gebyr som er fakturert er kr. 392 240.
- Byggesak har teke tak i nokre ulovlegheitssaker og fylgjer disse opp.

#### Vedtekne planar og plansaker:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel – vedtak av plan
- Områdeplan for Flåm – utlegging til 2.gongs høyring og offentlig ettersyn
- Detaljreguleringsplan for Hagane – oppstartsmøte
- Detaljreguleringsplan for Fretheim Hotel – oppstartsmøte
- Reguleringsendring ved forenkla prosess – Gudvangen sentrum – administrativt vedtak
- Plan for kulturminne og kulturmiljø – gjenopptaking av arbeid
- Detaljreguleringsplan oppstillingsplass E16 - oppstartsvarsel

#### Dispensasjonar frå arealføremål:

PEU -	Dispensasjonssøknad - Kystverket - Navigasjonsinnretningar i Nærøyfjorden	Vedteke
PEU -	Løyve til bygging av uthus på GBNR 44/26 - dispensasjon frå arealføremål	Vedteke
PEU -	Søknad om dispensasjon frå arealføremål - Bjørn Vike - GBNR 29/2	Vedteke
PEU -	Løyve til omlegging av Rallarvegen - GBNR 47/74 - dispensasjon frå	Vedteke
PEU -	Dispensasjonssøknad - Etablering av utleiehytter i Flatadalen	Avslag
PEU -	Handsaming av dispensasjon - Uthus mm. til hytte - Gbnr. 47/36	Vedteke

#### Næring og konsesjonskraft:

- Tildeling av midlar frå kommunale kompensasjonsordning (covid-19 midlar)
- Tildeling av midlar frå konsesjonsavgiftsfondet
- Bedriftsrådgeving -avtale med Sognefjorden Næringshage
- Deltaking i DOGA (Design og arkitektur Norge) sitt Gnist-program i lag med Luster kommune og Sogndal kommune. 30% stilling
- Kommunal kontaktperson i Sogn Regionråd sitt samarbeidsprosjekt «Sogn for alle»

#### Fråsegner:

- Innspel til rapport om Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA)

#### Kort resultatvurdering:

- Teke i bruk Framsikt – system for utarbeiding og publisering av kommunale planer.



- Byggesak – byggesakshandsamar sa opp og slutta i stillinga 30.04.22. Kommunen lukkast ikkje i å rekruttere ny byggesakshandsamar og har leigd inn ekstern konsulent for å handsame byggjesaker frå 01.06.22 – 31.12.22. Kommunen har ikkje hatt ressursar til å følge opp tilsynsplan i 2022.
- Leiar ved avdelinga og planleggjar som har vore i permisjon i 2022 har sagt opp stillinga si.
- Tilsett ny planleggjar.

### Økonomi:

God balanse mellom aktivitet og budsjett i 2022.

Rapportering på budsjett og rekneskap er inkludert i oversikta under kapittel om STØDIG.

### Medarbeidarar:

Forvaltning og utvikling har 5 stillingar og 5 årsverk. Pr. 31.12.22 er det 2.6 årsverk fordelt på 3 tilsette. I tillegg kjem innleigd ressurs på byggesakshandsaming.

## Tenesteområda

### Pleie og omsorg

#### Essi Mäki

#### Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

Planlegging, vurdering og tildeling, og drift av helse og omsorgstenester etter helse og omsorgstenestelova  
 Institusjonstenester: helsehjelp, behandling, rehabilitering, korttidsopphold, avlastning, og langtidsopphald i institusjon

- rehabilitering/ sjukeheimavdeling: 16 plassar
- demensavdeling: 8 plassar

**Tenester i eigen heim/omsorgsbustad:** helsehjelp, ressursssjukepleie i kreftomsorg, praktisk bistand og opplæring, rehabilitering, matombringning, velferdsteknologi, dagtilbod for heimebuande personar med kognitiv svikt.

#### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Samhandling med tenesteytinga med tenestemottakar, pårørande, nettverk, og andre tenesteytar som ergoterapeut, fysioterapeut, sjukeheimslege, fastlege, psykiatrisk sjukepleiar, ruskonsulent, treningskontakt, tannlege, spesialisthelseteneste og NAV.

#### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Samhandling med tenesteytinga med tenestemottakar, pårørande, nettverk, og andre tenesteytar som ergoterapeut, fysioterapeut, sjukeheimslege, fastlege, psykiatrisk sjukepleiar, ruskonsulent, treningskontakt, tannlege, spesialisthelseteneste og NAV

#### Mål/utviklingsområde 2022 :

- Forsvarlege og forutsigbare tenester
- Kontinuerleg forbetningsarbeid
- Kvardagsrehabilitering
- Velferdsteknologi
- Rekruttere, utvikle og behalde helsepersonell
- Leva heile livet
- Deltaking i gode pasientforløp
- Deltaking i KS læringsnettverk TØRN

## Viktige hendingar:

- Innføring av nytt journalsystem (EPJ) Visma Profil.
- Samarbeid med alarmsentralen som er respons-, tryggleiks-, og kompetansesenter for Aurland kommune.
- Deltaking i læringsnettverk i regi av KS, TØRN: organisering av helse og omsorgstenester.
  - Førstesamling i TØRN 27.04.2022 – siste oktober 2023
  - Teambuildingsdag for tilsette i helse og omsorg 28.09.2022
- Deltaking i nasjonalt læringsnettverk for heilskaplege, koordinerte og trygge pasientforløp.
- Velferdsteknologi
  - Oppstart i opplæring i velferdsteknologiens ABC for tilsette i pleie og omsorg 28.04.2022
  - Studietur til Knarvik 22.09.2022 – informasjon og visning av mobiltvaktrom
- [Seminar om kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi 12.05.2022](#) for innbyggjarar i kommunen ved Aurland helsetun
- Kunngjering av [kommunalt utdanningsstipend](#) saman med bu og miljøtenester jf. KS sak: 096/21.
- Samarbeid med kultur om [kulturell aktivitet i Aurland helsetun](#), plan for 2022.
- Leve heile livet reformen og arbeid lokalt
  - Oppretting av [forslagskasse](#) for innspel og forslag på forbetring av pleie og omsorgsteneste.
- Førebygging av trykksår – kurs 06.04.2022 gjennom NAV hjelpemiddelsentralen.
- Tannhelse, tann - og munnpleie i institusjon og heimesjukepleie, kurs 31.03.2022 gjennom Vestland fylkeskommune.
- Møte med Aurland barne,- og ungdomsskule 25.10.22 og 08.11.2022 – informasjonsmøte til elevar – yrkesval og moglegheiter i pleie og omsorg.
- Smittevernrevisjon i helsetunet med Helse Førde 02.11.2022
  - Smittevernrevisjon, og undervisning både for helsetunet og heimebaserte tenester

## Resultatvurdering:

Dei fleste eldre ynskjer å bu i eigen heim lengst mogleg, også pleie og omsorg i Aurland har dreining mot meir heimebaserte tenester. Arbeidet som pågår knytt til kvardagsrehabilitering og innføring av velferdsteknologiske løysingar støttar dette. Helsenoreg har fokus på meir førebygging, rehabilitering og korleis den einskilde skal vera i aktivitet og meistre eigen kvardag. Kommunen klarte i 2022 å ta i mot alle utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset. Fram til 15.august 2022 har kommunane rapportert til Helsedirektoratet tal personar som står på venteliste til langtids plass og korttids plass. Aurland kommune har i 2022 hatt ingen på venteliste, men det har vore varierende grad av ledig plass i Aurland Helsetun. Aurland kommune har gode resultat når det gjeld å yta behovsprøvde tenester.

## Økonomi/ressurs:

Opphaveleg budsjett 2022	Rekneskap 2022	%
37.000.000	36.386.771	98 %

## Tilsette:

Pleie og omsorg	Faste årsverk	mellombels tilsette	lærlingar	vakante stillingar
Institusjon	26,10	1,41	1	2,25
HSP, dagsentere, vaktmeister	17,71			3,15

Kjøkken	2,88			
Administrasjon	4,90			
<b>Sum</b>	<b>51,60</b>	<b>1,41</b>	<b>1</b>	<b>5,40</b>

I tabellen er tilsette i mellombels stillingar er inkludert i faste årsverk. I tillegg til dette har pleie og omsorg tilkallingsvikarar utan fast stillingsprosent.

I 2022 hadde pleie og omsorg store utfordringar knytt til rekruttering av sjukepleiarar. Det var fleire ledige stillingar både i heimebaserte tenester og i institusjonen. Det var utfordringar med sommarturnus og ferieavvikling, av den grunn ble det gitt tilbod om kr 850 på dagvakt og 1000 kr for kveld/helgevakt for tilsette som tok på seg ledige heimevakter ved Aurland Helsetun, dette var for å sikre sjukepleiarkompetanse heile døgnet. Vidare ble det gitt tilbod om 850 kr for å dekke opp ledige vakter på dag/sein og natt, både i Helsetunet og i heimetenester, dette gjald både fag-, og ufaglærte. Kjøkkenet på Helsetunet sleit også med ledig helg i veke 32 og 33, og det ble gitt tilbod om ekstra betaling for tilsett på kjøkkenet.

#### Status innan utgang av 2022:

Institusjon manglar: 2 sjukepleiar/ vernepleiar, 1 helsefagarbeidar vikariat

Heimebaserte tenester manglar: 2 sjukepleiar vikariat, 1 helsefagarbeidar vikariat

#### HMS:

- BHT-samarbeidsplan vart utarbeida 14.02.2022
- Vernerunde og HMS-handlingsplan 14.02.2022
- Helsekontroll x2 mai 2022
- EL-sikkerhetsinformasjon til tilsette i heimebaserte tenester i regi av tilsynsingeniør 14.09.2022
- Internopplæring og deltaking i webinar gjennom Norsk helseinformatikk (NHI) og veilederen.no og andre fagseminar ut i frå behov, interesse og tema
- Brannvernopplæring (årleg 2 x)



**Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:**

- Eininga sine oppgåver vert bestemt av lover og forskrifter, nasjonale føringar og retningslinjer. Kjerneoppgåvene omhandler planlegging, vurdering, tildeling og drift av helse- og omsorgstenester etter helse- og omsorgstenestelova. Tenesteytinga er i hovudsak tenestelevering i brukar sin heim, inkludert omsorgsbustad med heildøgnsteneste. Eininga yter teneste som helsehjelp, praktisk bistand og opplæring, avlasting, støttekontakt, og omsorgsstønad.
- Eininga skal arbeide førebyggjande, og yte eit tilpassa og heilskapleg tenestetilbod. Tenestetilbodet skal ivareta likeverd hjå den einskilde, og aktiv deltaking i eigen livssituasjon. Eininga har mål om å gje tenestemottakarane:
  1. Heilskaplege tenestetilbod
  2. Føreseielege tenester
  3. God kvalitet på tenester i samsvar med den einskilde sitt behov
  4. Tenester som legg til rette for at den einskilde kan bestemme sjølv
  5. Tenester som støtter den einskilde si deltaking i samfunnslivet

**Mål og utviklingsområde 2022:**

1. Tildele tenester etter helse- og omsorgsteneste lov basert på søknad om teneste, evaluere tenester i tråd med vedtak og iverksette teneste.
2. Fokus på smittevern og handtering av pågåande pandemi.
3. Ta i bruk ny velferdsteknologi.
4. TØRN-prosjekt i lag med dei andre helse- og omsorgstenestene i kommunen.
5. Prosjekt for nytt elektronisk pasientjournal system (EPJ), byte ut *Gerica* til *Visma Profil*.
6. Tilpasse og omstille drift i samband med etablering av ny avdelingsleiarfunksjon.
7. Ta i bruk ny elektroniske system for

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**

*Samhandling i tenesteytinga* med brukar, pårørande, verje, nettverk, koordinerande eining og andre tenesteytarar, som psykiatrisk sjukepleiar, ruskonsulent, ergoterapeut, fysioterapeut, skule, barnehage, fastlege, tannlege og spesialisthelsetenesta. *Samhandling og samarbeid internt* med tenesteeininga teknisk på bygg/bustader, og pleie og omsorg om helsetenester i heimen.

**Resultatvurdering:**

1. **Tildeling av teneste:** I 2022 har eininga spesielt jobba med oppbygging av eit omsorgstiltak i tråd med auka brukarbehov i denne perioden. Dette var ei grunnlagsendring som førte til auka kostnader. Tiltaket har 8,7 årsverk frå 1.06.22.
2. **Pandemi:** Drifta i 2022 vart også prega av pandemi, og deler av arbeidsstokken vart berørt gjennom året. Dette har i mindre grad gått ut over tenestemottakarane, men har ført til auka innleige av personale grunna sjukefråvær.
3. **Velferdsteknologi:** Eininga har jobba med å rigge tenestene for å kunne ta i bruk velferdsteknologi, og ser potensiale for innsparing. Leverandør på ny teknologi er forseinka, og prosessane vert forlenga. Den forventa innsparinga vert dermed forskyvd
4. **TØRN-prosjekt:** Eininga deltek i Tørn-prosjekt, som er eit KS-læringsnettverk, og sit i arbeidsgruppa i lag med tilsette frå Pleie og omsorg og helse og førebygging. Prosjektet handler om omstilling og omfordeling av oppgåver for å møte framtidens utfordringar innan helse og omsorg på ein god måte.

5. **Nytt EPSJ system:** Helse og omsorgstenestene har 2022 delteke i prosjekt for å byte ut Gericca, til Visma Profil. Dette vart initiert av IKTNH, som hadde den overordna prosjektleiinga, for totalt 9 kommunar. Prosjektet var ressurs- og tidkrevjande, spesielt under implementerings-fasen hausten 2022, med opplæring fleire dagar i veka i september-desember. Målet var å kunne gå over til nytt system frå 1.1.2023. Prosessen vart svært omfattande på alle nivå, og berørte alle deler av tenestene. Truleg vil det nye systemet legge til rette for ei meir effektiv tenesteyting, og auke kvaliteten i tenestene.
6. **Avdelingsleiarfunksjon:** Stillinga vart etablert 1.09.20, vedkomande starta i stillinga i september 2021, og det var behov for å vidareføre opplæringsfasen inn i driftsåret 2022. Den nye leiaren deltok i kurs for nye leiarar innan helse- og omsorg, våren 2022, samt anna naudsynt opplæring for å kunne ivareta oppgåvene.
7. **Nye elektroniske verktøy:** Eininga har jobba systematisk med å ta i bruk nye elektroniske verktøy, mellom anna nytt elektronisk kvalitetssystem og avvikssystem. Samhandling 365; bruk og kommunikasjon ved hjelp av Teams. Desse verktøya har heva kvaliteten på internkontroll, og lagt til rette for betre informasjonsflyt innad og på tvers av eininga, og har vore ei særers positiv utvikling.
8. **Anna:** Eininga fekk tildelt tilskot til rusarbeid frå Statsforvaltaren, på 440 000kr. Tilskotet var ei vidareføring av tilskotsordning kommunen fekk først tildelt i 2020, som dekker deler av lønnskostnader for miljøterapeut ved Vårdraum i driftsåret 2022.

#### Økonomi/ressurs:

Opphavelig budsjett 2022	Endra budsjett 2022	Rekneskap 2022	%
24 999 980	26 109 000	26 312 000	101

Budsjettramma vart auka i tråd med grunnlagsendring knytt til oppbygging av omsorgstiltak. Kommunen fekk i tillegg mindre refusjon i høve ressurskrevjande brukarar i 2021 enn budsjettet. Dette førte med seg ekstra kostnader for rekneskapsåret 2022, på kr. 1.758 000. Avviket mellom endra budsjett og rekneskap, på kr. 200 000 kr, er knytt til meirforbruk i form av overtid. Eininga har hatt fleire vakante stillingar i 2022, utan å lukkast å få rekruttert i desse.

#### Medarbeidarar:

Tal årsverk inkl. vikarar og mellombels stillingar: 32 årsverk

### Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

Helsetjenester med heimel i helse og omsorgstjenesteloven. Legekontor, helsestasjon med jordmor, fysioterapi, ergoterapi, rus og psykisk helsetjeneste, koordinerte tenester og kreftkoordinator. Sorg og kriseteam.

### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Førebyggjande arbeid, Eininga deltek i satsinga «på tvers» tverrfagleg samarbeid barn og unge. Eininga har fleire deltakarar i innsatsteamet, inkludert ansvar for leiing og journalføring.

Eininga deltek i satsingane «Leve heile livet» med mellom anna kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi.

### Fysioterapi og Ergoterapitenesta

Ergoterapeut sa opp stillinga og slutta i august. Det har trass fleire utlysingar ikkje lukkast å rekruttere ny ergoterapeut.

Fysioterapeutane har utført oppgåver som ligg til ergoterapitenesta.

Konsekvensen av dette er auka ventetid og lågare kapasitet hjå fysioterapeutane i tillegg til manglande ergoterapikompetanse i kommunen.

### Legekontoret

Bemanninga på legesida har vore krevjande heile året.

Kommunen hadde ikkje LIS1 fram til mars. Eine fastlegestillinga var vakant heile året, og ein lege sa opp stillinga frå juni. 2 av 3 fastlegestillingar har vore vakante frå juni og ut året. Sommaren vart som følgje av dette krevjande.

Det har ikkje lukkast å rekruttere inn nye legar i faste stillingar, så kommunen har måtte nytte seg av innleige via vikarbyrå. Ein har vore heldig og hatt stabile vikarlegar stort sett heile året, men kostnadane ved å nytte vikarbyrå er store.

### Helsestasjon

Har motteke prosjektmidlar frå helsedirektoratet til å auke bemanninga. Tilsett i engasjementet startar ved årsskiftet.

Jordmor varsla at ho skulle gå av med pensjon seinhausten. Det lukkast ikkje å rekruttere inn ny jordmor, så pensjonstilværet ble utsett til årsskiftet.

Aurland kommune fekk frå årsskiftet avtale om kjøp av jordmortenester frå Helse Bergen ved Voss sjukehus.

### Rus, psykisk helse, treningskontakt, koordinerande eining og kreftkoordinator

Bemanninga her har vore stabil.

Treningskontakt har godt samarbeid med tenesta i Lærdal og dei har brukarane av tenestene med på aktivitetar og turar på tvers av kommunane.

Tilsette har førebudd og vore på opplæring til bytte av journalsystem ved årsskiftet. Kommunen bytter ut Gerica med Visma Profil.

### Sogn LMS

Kommunen har vertskommunesamarbeid med Lærdal og Årdal kommune på legevakt kveld og helg, legevakttelefon 116117, kommuneoverlege og kommunepsykolog.

Aurland kommune har som ledd i omstillingsprosjektet vald å sei opp avtala kring kommuneoverlegefunksjonen.

### Mål/utviklingsområde 2022 :

2022 har vore eit meir normalt år ved Helse og Førebygging samanlikna med dei to føregåande. Til tross for dette har det vore gjennomført fleire rundar med Covid-19 vaksinerings.

Fleire tilsette ved eininga har deltatt i Covid-19 vaksinerings.

Kostnadar knytt til vaksinerings er i hovudsak dekkja av statlege refusjonsordningar.

Kostnadane til legevakt har auka igjennom året, og vil auke ytterlegare i 2023. Avtala med legane om løn for legevakt var frå 2018, og har ikkje vore indeksregulert. Ny avtale vart forhandla frem hausten 2022, og får heilårsverknad frå 2023.

### Studentar

Eininga har ikkje lærlingar, men tek i mot studentar frå høgskulen i praksis. I 2022 har det vore studentar i praksis ved legekantoret, helsestasjon, ergoterapitenesta og psykisk helse.

### Økonomi/ressurs:

<b>Opphavelig budsjett 2022</b>	<b>Endra budsjett 2022</b>	<b>Rekneskap 2022</b>	<b>%</b>
15.750.000	19.121.680	18.796.534	98,30

Eininga fekk ein betydeleg endring i budsjett i 1 tertial. Dette grunna kostnadar knytt til bruk av vikarlegar. Det er nytta kr. 5. millionar til kjøp av vikarlegar. Kostnader knytt til tvistesak er ført på disposisjonsfondet.

### Medarbeidarar:

13,6 årsverk fordelt på 16 tilsette. I tillegg kjem 20% kommuneoverlege og 20% kommunepsykolog via vertskommuneavtale som er tilsett i Sogn LMS, samt 200% vikarlegar via innleige. Eininga har i 2022 hatt høgare sjukefråvær samanlikna med tidlegare år. Auka skuldast i hovudsak fråvær knytt til Covid-19.

### Avvik:

Grunna legesituasjonen er det veker det ikkje har vore lege på helsestasjonen eller sjukeheimen. Den krevjande legesituasjonen har i periodar ført til utfordringar for andre einingar som har samarbeid med legetenesta, samt endringar i timar for brukarar. Kommunen hadde ikkje ergoterapi kompetanse frå og med 1. september 2022. Utlyst nyleg med søkjar/søkjarar.

## NAV Aurland

### Tenesteleiar: Einar Moen

Det er felles leiing og fagleg samarbeid mellom Nav Aurland og NAV Lærdal.

### Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

NAV Aurland har ansvar for budsjettområde 301. Her inngår økonomisk sosialhjelp, råd og rettleiing, flyktningteneste, midlertidig bustad og gjeldsrådgeving. I tillegg har Nav-kontoret ansvar for startlån og tilskot. Kontoret har ansvar for utleigebustader til vanskelegstilte. NAV-kontoret har ansvar for dei statlege ordningane til NAV med oppfølging av brukarar innan sjukefråvær, arbeidsavklaringspengar og arbeidssøkjjarar m.m.

### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Leiar av nav kontoret er med i kommunen si leiargruppe. Det er samarbeid til leiargruppa innanfor helse og omsorg. Nav-kontoret har fast samarbeidsmøte med psykisk helse og ruskonsulent på fagnivå. Nav-kontoret har kontakt med helsepersonell på fagnivå. Nav-kontoret sin kontakt med bedrifter i Aurland kommune blir i aukande grad støtta frå Regionalt marknadsteam. Bedriftene får fast kontaktperson. Samarbeid om t.d. rekruttering, inkludering og språkpraksis for flyktningar.

### Mål/utviklingsområde 2022 :

- Vedtak om busetjing av flyktningar var det viktigaste politiske styringssignalet til NAV-kontoret på kommunal side.
- Oppfølging av brukarar, og auke overgang til arbeid eller utdanning
- Oppfølging av brukarar til økonomisk sjølvstende. Økonomisk støtte etter lov om sosiale tenester

### Resultatvurdering:

- Det vart busett 12 flyktningar i 2022, medan vedteke mål var 15. Arbeidet er omfattande og det er gjort god innsats av felles flyktningtenesta, lokalt tilsette ved NAV Aurland, og etatane skule, barnehage og helse i Aurland kommune.
- Busette flyktningar fekk plass på Vaksenopplæringa i Lærdal. Språkpraksis er i Aurland og Flåm.
- Arbeidsmarknaden utvikla seg godt gjennom året, og nivået på ledigheit rundt 10 personar ut over hausten 2022
- Det har vore ein svak auke i sosialhjelpa i 2022, men framleis eit relativt lågt nivå.

### Økonomi/ressurs:

Opphavelig budsjett 2022	Endra budsjett 2022	Rekneskap 2022	%
Kr. 2 000 000	Kr. 1 808 400	Kr. 1 742 290	96,35

### Medarbeidarar:

Tal kommunale årsverk inkl. vikarar og mellombels stillingar: 1,71  
Kompetansetiltak: Tilbod om kurs, e-læring og kompetansepåfyll  
fortløpande i organisasjonen NAV, og som blir nytta.

På område økonomisk sosialhjelp har ein ikkje tilstrekkeleg beredskap i feriar, og noko svak også i det daglege, sidan ein er eit lite kontor med 1 kommunalt tilsett. Det var vedteke utgreiing av samarbeidsform mellom NAV Lærdal og NAV Aurland i 2022 for å stetta krava i kommunelova.



### Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

Føremålsparagrafen i Lov om barneverntjenester: «Loven skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærlighet og forståelse og at alle barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår»

Dette krev at kommunen har forsvarleg og god sakshandsaming, fyljer nøye opp dei tiltaka som vert sett i verk, og snakkar med alle barn som får tiltak frå oss. Barnevernet skal i alle saker undersøkje barnet sin heilskaplege omsorgssituasjon og behov. Dei barna som stettar vilkåra for tiltak, skal få desse.

### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

- Deltek i Innsatsteam.
- Koordinerer oppgåva med utarbeiding av førebyggjande plan.

### Resultatvurdering:

Tross auke i tal meldingar inn til tenesta er utfordringsbilde framleis mykje likt som i 2022. Men det er utfordrande å skaffe god statistikk data fordi tala er så små at dei ikkje vert publisert. Me ser at med samanliknbare kommunar, til dømes kommunar i same Kostra gruppe, ligg me under dei i høve tilmeldingar.

Kommunen har framleis ein veg å gå i høve utbygging av tiltaksapparatet. Gjennom ny barnevernlov er kommunen sitt ansvar for både å førebygge og hjelpe born, unge og deira familiar tydeleggjort. Då må det vere tilgang på evidensbaserte metodar og system for kva kommunen kan tilby. Det er naturleg at dette vil vere tema i plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar.

### Mål/utviklingsområde 2022 :

- Tenesta har ikkje utarbeida tilstandsrapport for 2022. det vil bli laga ein samla for 22/23.
- Det er jobba mykje med ny barnevernlov og kva det betyr for tenesta.
- Særleg siste halvdel av 2022 har det vore fokus på samhandling internt i tenesta og korleis tenesta skal framstå utad.

Tal meldingar Aurland/Lærdal	Tal meldingar frå offentlege Aurland/Lærdal	Tal undersøkingar Aurland/Lærdal	Tal barn i tiltak Aurland/Lærdal
18/27	16/26	12/14	7/13



Tal meldingar har auka siste år, og ein reell indikator på tal nye saker er kor mange undersøkingar som er starta i løpet av året. Auken nye saker er stor samanlikna med 2021 der tenesta hadde 4 meldingar i løpet av året. Nokre saker er komme inn via innsatsteamet. Noko som bygger under tanken om at hjelpa skal gjevast på lågast mogleg nivå og i samarbeid med dei saka gjeld.

Frå 2020 vart i tillegg dei meldingane som kom i aktive saker teke med. Det er årsaka til skilnaden mellom tal meldingar og tal undersøkingar.

Dei sosioøkonomiske belastningane som mange familiar har opplevd gjennom korona, til dømes arbeidsledigheit, tilseier at hjelpebehova skulle vore større. Dei aller fleste barneverntenester i landet melder om auka behov for hjelp hjå barn, unge og deira familiar. Samfunnsendingane og prisauka kan påverke foreldre si evne til omsorg. Dette perspektivet må ha sterkare fokus i åra framover.

#### Økonomi/ressurs:

Opphavelig budsjett 2022	Endra budsjett 2022	Rekneskap 2022	%
2.650.000	2.740.990	2.152.246	78,52

Tenesta har levert under budsjett. Dette skuldast i all hovudsak at det har vore vakanse i stilling store deler av året. I ny barnevernlov § 1-6 har barnet rett på nødvendige barneverntiltak når vilkåra er oppfylt. Dette er ei klargjering av krav i gamal lov, og utfordringane er slik sett dei same med å budsjettere for tiltaksdelen i barnevern. Dersom tal og kompleksiteten i saker held fram vil mest truleg tiltaksdelen i barnevernet auke kostnadsmessig.

#### Medarbeidarar:

Det er fem årsverk fordelt på ein leiar, tre kontaktpersonar og ein tiltaksarbeidar (vakant).

## Kultur

Tenesteleiar Monica Hille

#### Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

Kulturadministrasjon, Kulturvern, Folkebibliotek, Skulebibliotek, Kulturskule, Arbeid med barn og ungdom, Ungdomsrådet, Fritidsklubben, Kulturmidlar, Aurlandsprisen, Aurlandsmarsjen, Idrett, Utstillingar i Heradshuset som Galleri Vinjum og Sivleutstillinga, kontakt mot frivillige lag og organisasjonar, Arrangement i kommunen, Kulturminnedagar, Namnenemnd, Sti og løypeplanprosjektet, Nynorske Litteraturdagar, Teater Vestland, Kommunal Veterankontakt m.m.

#### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Kulturarvteam, Kulturarvplan, Ungdomsrådet, Den kulturelle Spaserstokken, Den kulturelle skulesekken, Sti og løypeplanarbeidet og elles arrangement i kommunen som ligg under kultur (mange gangar i samarbeid på tvers av ulike einingar).

**Kulturskule:** Det har vore fleire arrangement i kulturskulen 2022.

Kulturskulen har dessverre mindre elevar enn dei førre åra, men fleire elevar er med på fleire tilbod, så talet elevplassar er stabilt.

**Arbeid med barn og unge/klubb:** Det er mange barn som møter opp på leksehjelp og på onsdag kveld.

Ungdommane har vore vanskeleg å få attende på klubben, men no ser det ut til at dei møter. UKM vart avlyst på grunn av lite personale og nedstenginga i januar.

Klubben har opna etter sommarferien og oppmøtet er veldig godt på alle dagar/kveldar, og det er flott at born og unge nyttar seg av dette tilbodet.

Skateramper, som er innkjøpt for ei tid tilbake, er sett opp bak hallen.

**Førebyggjande arbeid:** Fellesmøte og samarbeid med barnevernet og oppvekst for å få ein betre dialog og tettare samarbeid, for å ha meir oversikt på behov og tilbod for barn og unge. Nattevandring vart organisert natt til 1. mai og 17. mai, og i tillegg nokre helgar og på Jordeplerocken.

**Biblioteket:** Det har i år vore sommarbibliotek på Heradshuset. Dette for å kunne drifte både biblioteket, Heradshuset og utstillingane, samt få til ei ferieavvikling.

#### Mål – og utviklingsområde 2022:

- Seniornett i kommunen, der biblioteket vert samlingspunkt og kursstad. Me vil gjere kulturskulen til ein ressurs i samfunnet, slik at fleire kan få nytte seg av tilbodet.
- Arbeida saman med Nærøyfjorden verdsarvpark for til å få tiltaksplanen i sti og løypeplanen starta.

Sommarles 2022 – som er ein Lesekampanje for born i alder 1.- 8.kl. og lesebingo er gjennomført med godt resultat.

**Galleri Vinjum:** Planlegging og førebuing av utstillingar av lokale kunstnarar i vår, haust og vinter. I sommar har galleriet har hatt auka opningstider på måndag- og torsdagskveldar. I sommar er det Ole Gaarder som har hatt utstilling.

**Kulturadministrasjon:** Det har i løpet av året vore mange møter i namnenemnda, sti og løypeplan gruppa, Galleri Vinjum og i styret for Nynorske litteraturdagar. Aurlandsmarsjen gjekk av stabelen 8. august i år. Arrangementet er eit godt samarbeid med Røde Kors og Venner av Aurlandsdalen der rundt 60 personar deltok og gjekk turen. Restaurering av kyrkjegarden i Aurdalen er gjennomført og sluttrapport er sendt og avslutta. Venner av kyrkjegarden i Aurdalen er særst nøgde, og er takksame for all støtte og det gode arbeidet som kommunen har utført i samband med restaureringa. Kulturmidlar har vorte handsama i år, som dei førre åra og det har vore ein jamt behov for auka stønad til dei ulike frivillige lag og organisasjonar i kommunen. Nye retningslinjer for kulturmidlar har vore utarbeiding og på høyring, slik at dei skal trå i kraft i 2023. Straumstøtte til frivillige lag og organisasjonar har vorte handsama av kommunen, støtteordninga er overteke av Lotteri og stiftelsestilsynet.

**Arrangement:** Kultureininga har samarbeidd godt med fleire, og spesielt kan det nemnast samarbeidet med Eldrerådet om markering av eldredagen. Me har også samarbeidd med eldrerådet for å få i gang seniornett for dei som treng digitalt påfyll. Kultur har søkt og fått innvilga kr 20.000 frå fylkeskommunen til dette prosjektet.

**Nynorske litteraturdagar:** Det har i år vore arbeidd iherdig med Nynorske Litteraturdagar som kommunen arrangerte 21. og 22. oktober 2022. Det var eit godt gjennomført arrangement, saman med fleire frivillige og andre samarbeidspartnarar. Det vart publikumsrekord og kommunen kunne visa til gode økonomiske tal.

#### **Aurlandsprisen:**

Aurlandsprisen vart i år utdelt til 2 verdige vinnarar: Malvin Østerbø Midje og Vener av kyrkjegarden i Aurdalen.

#### **Økonomi/ressurs:**

Opphavelig budsjett 2022	Endra budsjett 2022	Rekneskap 2022	%
4.800.000		4.089.511	85,20%

**Medarbeidarar:**

Tal årsverk inkl. vikarar og mellombels stillingar: 5,24 fordelt på 13 tilsette.

Kulturadministrasjon: 1,38 årsverk

Bibliotek: 1,16 årsverk

Kulturskule: 1,80 årsverk (med 80% vakant stilling)

Klubben: 0,9 årsverk

**HMT:**

- Risikovurdering av kultureininga, samt handlingsplan vart utarbeidd i 2022.



## Teknisk eining

Tenesteleiar Reinhardt Sørensen

### Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

- Eigedomsforvaltning og grunnnerv
- Drift og forvaltning av kommunale vegar
- Drift og forvaltning av kommunale bygg
- Drift og forvaltning av vatn og avlaupsanlegg
- Drift av miljøstasjon og grøntanlegg
- Brannberedskap og førebyggjande brannvern
- Kommunal beredskap
- Vassforvaltning, ureiningssaker og utsleppsaker
- Kart, geodata og oppmåling

### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

- Gjennomføre kommunale investeringar og prosjekt.
- Delta i rådgjevningsprosjekt knytt til gjennomføring av investeringstiltak i andre tenesteeiningar.
- Kommunal beredskap, beredskapskoordinator.

### Brannberedskap:

Tal oppdrag i 2022 er attende på normale nivå etter ein periode med færre ulukker under pandemien.

Trafikkmengda på gjennomfartsvegane betyr mykje i høve aktivitetsnivået. Det har vore 56 rapporteringspliktige utrykningar i 2022.


### Oppfølging av års- og utviklingsplan for Teknisk 2022

Gjennomførte tiltak:

- Hovudplan for veg
- Revidert VA norm
- Rutine for rapportering til politisk organ(investeringar)
- Realisering av drift av parkanlegg i eigen regi

Tiltak som kjem/pågår i samsvar med plan:

- Tenesteskildringar
- Geodataplan
- Oppdatering av VA base
- Tilsyn private avlaupsanlegg
- Aurland trafikk og parkering – iverksetting av vedtak om innføring av parkeringsgebyr
- Oppfølging trafikktryggingstiltak
- Revisjon av kommunedelplan for veg og trafikktrygging
- Strategi for drift av park og idrettsanlegg
- Strategi for drift av offentlege toalett i kommunen.
- Utviklingsprosjekt for eininga 2020 – 2023, samordna med omstillingsarbeidet for heile organisasjonen i 2023.



## Status for vedtak, oppfølging og gjennomføring

Viktige hendinger:

- Ferdigstilling Aurland barnehage og oppstart av barnehagedrift.
- Realisering av nye leikeanlegg.
- Oppstart og bygging av nybyggdel omsorgsbustadar samt ombygging på Aurland helsetun
- Oppstart og bygging av VVA og tomter Ty bustadfelt
- Ferdigstilling av parkeringsareal Pottetof
- Anbudsprosessar og oppstart av prosjekt nærmiljøanlegg ABU, VA rådhuset – Trudvang – Hopen, slutføring Ystebøen bustadfelt.
- Kjøp av tre leilegheiter Ryggjatun.
- Omstillingsprosjekt for heile organisasjonen, deltaking i arbeidsmøter, prosjektgrupper. Som del av dette har det også vore jobba med delprosjektrapportar for samla bruk av bygningsmasse innan helse, framtidig bruk av Dalen barnehage t.d.
- Forvaltningsrevisjon av Teknisk eining.
- Planlegging og oppstart av anbudsprosess, samt førebuing av søknad om spelemidlar for ny kunstgrasbane Aurland stadion.
- Planlegging og arbeid med kostnadskalkyle og førebuing for søknad om spelemidlar for nytt inngangsparti og idrettshall.
- Anbudsprosess for ny turveg Heggvikji – Bøen, realisering av kjøpsavtalar, søknadar om medfinansiering og avklaringar knytt til prosessvedtak om avslutting av konkurranse.
- Prosjektering av miljø- og habitattiltak Flåmsvassdraget og Nærøyvassdraget.
- Planlegging og prosjektering av nytt parkeringsareal Flåm.
- Planlegging og gjennomføring av anbudsprosess for nytt høgdebasseng Fretheimshaugane.
- Flaumhending 11.11.2022.

### Forvaltningsrevisjon av teknisk eining:

På vegne av kontrollutvalet vart det av KPMG gjennomført forvaltningsrevisjon av teknisk. Arbeidet innebar leveranse av eit svært omfattande sett av dokumenter, samt gjennomføring av intervju av fleire tilsette på eininga. Det overordna inntrykket som revisor fekk frå forvaltningsrevisjonen er at «Aurland kommune gjer eit godt arbeid med investeringar og offentlege anskaffingar i teknisk eining. Det er inga tvil om at prosjektstyringa og gjennomføringa av anskaffingane er på eit høgt nivå. Det er viktig å få fram og for forvaltningsrevisor at det er tale om ein kommune som er frampå på dette feltet». Revisor kom i rapporten med to anbefalingar som eininga følgjer opp og har innarbeidd i sitt utviklingsprosjekt for eininga.

## Resultatvurdering:

Konsekvensane av Covid-pandemi har vore merkbar i form av tapte inntekter på vatn til cruisenæring og næringslivet. Teknisk har arbeidd med årleg etterkalkyle innan sjølvkostområde. På VA har salet ikkje teke seg oppatt etter pandemien. Dette inneber at prognosane no syner at kommunen for 2022 får eit underskot på kr 947 713 på vatn og kr 1 014 172 på avlaup. I tillegg kjem underskotet frå 2021 som også var svært påverka av pandemien. Totalt underskot vil vera på kr 3 618 924,-. Det er lagt inn ein «forsiktig» auke i gebyra framover for å hente innatt underskotet. Kommunen har etter reglane 5 års periode for rette opp skeivheiter innan sjølvkost. Dersom ikkje salet til cruisenæring, næring m.fl tek seg oppatt mot normale nivå vil gebyra auka vesentleg. Det er lagt opp til jamn investeringstakt innan VA som følgje av utbyggingar(følgjekostnadar) og krav til forsyning, i økonomiplan dei neste åra. Dersom krava til nullutslepp frå turistskip og ferger i verdsarvfjorden vert innført i 2026, vil dette føre til at desse inntektene framleis blir svært redusert og igjen føre til vesentleg gebyrauke innan VA.

Prisauken er svært merkbar i drift og investeringsprosjekta. Vi ser ytterlegare og uføresett prisauke i markedet, utover det vi har teke høgde for i samband med arbeid med budsjett og økonomiplan.

Eininga har hatt akuttreparasjonar innan vedlikehald på arbeidsmaskiner.

Ekstraordinært vedlikehald: Kommunestyret vedtok å sette av kr 2 000 000,- til ekstraordinært vedlikehald i 2022. For budsjett 2023 ligg det inne nye kr 2 000 000,-. Midlane er nytta til naudsynt og akutt vedlikehald av ventilasjon, kanalrens, vassbehandling AIS, ABU og Helsetunet, oppgradering av el-tavler leilegheiter Høydalen, el-panel og sikringsskåp Helsetunet og 4-mannsbustad Rygg, vedlikehald og oppgradering av leilegheit, oppgradering av fleire kontor og legekantor på Fjordsenteret, samt kontor på rådhuset.

#### Økonomi/ressurs:

Opphaveleg budsjett 2022	Endra budsjett 2022	Rekneskap 2022	Avvik %
25 213 000	25 659 586	28 044 155	109,3%

#### Forklaring på avvik:

**Lønn:** Samla løn i 2022 viser ei innsparing i høve til budsjett på ca. 850 000. Hovudårsak til dette er tilsetting i 2. halvår. (kommunegartnar), samt at den siste ingeniørstillinga på eininga framleis er vakant/fjerna for å kompensere for reduksjon i inntekter og auka utgifter.

**Straum:** Samla utgifter til straum er på ca. kr. 400 000 mindre enn budsjett. Hovudårsaka til dette er heng saman med lågare årsmiddeltemp.i 2022.

**Forsikring:** Samla utgifter syner eit meirforbruk i høve til budsjett på ca. kr. 130 000. Hovudårsaka til dette er for lågt anslag i budsjett for 2022, målt mot auke i samla forsikringspremie.

**Drivstoff, olje:** Drivstoffprisane har hatt ein betydeleg auke i 2022 som følgje av prisutvikling på energi. Dette har medført ein auke på om lag kr 260 000 utover budsjett i 2022. Dette slår ut både i prosjekt og løpande drift

**Kontraktar, avtalar:** Teknisk har løpande kontraktar og avtaler for omlag 3 kr. mill. årleg. I tillegg kjem <sup>1</sup> *Vedlikehald:* Etterslep på vedlikehald er betydeleg både innan kommunale bygg og samferdsel. I høve til budsjett er det eit forbruk utover budsjett på ca 3,7 mill. Ca 2 mill er kompensert med bruk av vedlikehaldsfond, jf KS 028/22 pkt 7. Utfordringa i åra framover vert å oppretthalde eit forsvarleg vedlikehald for ta vare på verdiar som investert i bygningsmasse og infrastruktur, jf. hovudplan for kommunale vegar. I 2022 har teknisk overført ca. 300 gateløypunkt til Vestlands fylkeskommune. På sikt vil dette føre inn innsparingar i drifta som ein kan nytte på vedlikehald av dei gateløysa Aurland kommune har ansvar for.

<sup>2</sup> *sum husleige, årsgebyr:* Samla inntekter knytta til husleige og årsgebyr (VA) og refusjonar er på om lag 1, 4 mill om ein ser vekk frå fondsbruk. Samla husleige var om lag kr 200 000 under budsjett, noko som skuldast ledige husvære.

**Parkeringsinntekter:** For 2022 var det budsjettet med kr 1 500 000 i inntekter på parkering.

Parkeringsordninga kom ikkje i gang for 2022 og det er ikkje kome inn nokon inntekter knytt til parkering.

**Torginntekter:** Det var budsjettet med inntekter kr 470 000. I og med at drifta av torget i Flåm er teke over av Aurland hamnevesen KF fall desse inntektene vekk.

#### Investeringar:

2022 har vore eit svært krevjande år med eit høgt volum med investeringsprosjekt, tillegg til fleire driftsprosjekt. Det er krevjande å sikre god prosjektstyring og framdrift ved sida av andre driftsoppgåver og beredskapsarbeid. Marknaden er pressa i høve prisauke og tilgjengeleg kapasitet. På større prosjekt er det avgrensa kor mange som gjev tilbod på oppdrag. Arbeidet med investeringar i 2022 er prega av at mange av prosjekta inneber eit stort arbeid innan grunnverv, oppmålingsarbeid, detaljprosjektering, prosjektdokumentasjon og koordinering, søknadar etter plan- og bygningslova, grunnlag for søknad om spelemidlar, kostnadskalkyler og anbodsarbeid.

Rekneskapan for 2022 syner at det vart investert for kr 83 119 972,-. Investeringsmidlar som vert overført frå 2022 til 2023 er om lag 30 mill.

### Medarbeidarar:

Tal årsverk inkl. vikarar og mellombels stillingar. Dette inkludera også Aurland brannvern.  
Tal årsverk: 32,61.

## Aurland barne- og ungdomsskule og vaksenopplæring

### Tenesteleiar: Bjørg Henriette Gustavsen (frå 1. mars 2022)

#### Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

Skulen skal gi ei god og tilpassa opplæring til alle elevar i grunnskule og vaksenopplæring gjennom planlegging, undervisning og vurdering. Me skal legge til rette for at elevane skal oppnå personleg utvikling, fagleg - og sosial kompetanse både på skule og SFO. Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Visjonen vår er «*ABU skal vere ein skule for alle, med blick for den enkelte.*»

Ein kvar skule i Noreg skal gje elevane gode skulekvardagar med eit fagleg og sosialt innhald som er i tråd med opplæringslova. Skulen skal utføre sitt samfunnsoppdrag innan danning og utdanning på vegne av skuleeigar.

#### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Syte for, og legge til rette for at ABU og samarbeidande partnarar har eit godt, effektivt og løysingsorientert samarbeid. Til det beste for elevane. Det er mange og viktige partnarar som skal tilby støtte og rettleiing i saker der skulen har trong for det.

#### Mål/utviklingsområde 2022 :

- Fokus på å skape gode og trygge overgangar:
  - frå barnehage til skule
  - frå småskulen til mellomsteget
  - frå mellomsteget til ungdomssteget
  - frå ungdomssteget til vidaregåande skule
- ABU legg vekt på ei fagleg tyngde hjå lærarane for å skape tryggleik i alle situasjonar:
  - Nulltoleranse i høve mobbing
  - systematisert førebygging og systematisert kartlegging
  - analysere kartlegginga for å kunne setje inn målretta tiltak skapa trygge og føreseielege skulekvardagar
- Legge til rette for at elevane aukar sin faglege og sosiale kompetanse:
  - Kartlegging og statistikk kan syne resultat av dette
- Profesjonsfellesskapet arbeida skuleåret (og framleis i dag) med ei bevisstgjerung og ei endring knytt til vurderingspraksisen til skulen. Formålet med undervegsvurdering er at den skal bidra til lærelyst. Det arbeidet lærarane og elevane gjer med vurdering, skal gje elevar lyst til å lære meir, forbetre arbeidet sitt og auke kompetansen sin. Å studere kva endringar som ABU må/bør/skal handlar om å kartlegge dagens situasjon, finne dei endringane som må til og til slutt jobbe lenge nok med tematikken til at det nye tankesettet er det som fell naturleg når det gjeld undervegsvurdering.
Økonomisk har hamnevesenet lagt bak seg eit godt år. Trass lågare aktivitetsnivå samla sett er omsetninga opp 12% samanlikna med 2019. Cruise utgjer ¼ av inntektene i hamnevesenet i eit normalår, og er difor avgjerande. Inntektssystemet er om lag 50/50 fordelt på cruisepassasjerar og tonnasje, og nedgangen i tonnasje har vore mindre enn nedgangen i cruisepassasjerar. Samtidig er prisnivået auka med om lag 25% sidan 2019. Forutan cruise er det også ein betydeleg auke i sal av tenester.

På utgiftssida har utgiftene vorte redusert med 4% samanlikna med 2019. Årsaka til dette er eit lågare aktivitetsnivå, motverka av kostnadsveksten. Det er også gjort mindre effektiviseringar i drifta.

Samla sett inneber dette ei solid auke i resultat på 45% frå 5.3 MNOK i 2019 til 7.7 MNOK i 2023. Til gjengjeld var 2020 og 2021 prega av store underskot på høvevis 5.7 og 4.1 MNOK.

I høve investeringar var det for 2022 lagt til grunn investeringar for 10 MNOK, der kun 2.4 MNOK er nytta. I hovudsak gjeld dette ferdigstilling av rehabiliteringsprosjektet for trekaia i Flåm. I høve landstraums- og kaiutvidingsprosjekta er alle førebuande arbeid klargjort, men ein ventar framleis på klarsignal frå statlege myndigheiter i høve eit kritisk trafikkgrunnlag for at prosjektet skal verte økonomisk berekraftig. Sjøfartsdirektoratet nytta 2022 på å utgreie saka, som per 03.01.2023 vart oversendt klima- og miljødepartementet. Der ligg saka i skrivande stund, og saka er framleis uavklara.

Administrasjonen vil fremje sak om igangsetjing av prosjektet så snart dette kritiske avgjerdsgrunnlaget er avklart.

Tor Mikkel Tokvam  
hamnesjef







## 1 Om verksemda

Aurland hamnevesen KF er eit kommunalt føretak eigd av Aurland kommune. Hamnevesenet drift hamneverksemd i Aurlands- og Nærøyfjorden. I høve vedtektene for føretaket vert hamnedrifta gjennomført i høve føresegnene i hamne- og farvasslova. Verksemda er organisert med eit politisk vald hamnestyre som rapporterer for verksemda til kommunestyret.

Aurland hamnevesen KF forvaltar dei kommunale hamneanlegga i Flåm, Aurland, Undredal, Styvi, Dyrdal, Bakka og Gudvangen. Hamna spelar ei nøkkelrolle som utviklingsaktør og tilretteleggjar for næringslivet. Verksemda er sterkt knytt til reiselivssektoren. I toppåra før covid-19 pandemien gjekk 800 000 passasjerar over kaikanten på våre kaianlegg. Djupvasskaia i Flåm står for den klart største delen av omsetninga som godkjend ISPS hamn for mottak av m.a. cruiseskip.

Internasjonalt har hamn og destinasjon sterkt fotfeste i marknaden, og ligg godt posisjonert blant topp 10 i verda som mest attraktive destinasjon blant kundane i cruisesegmentet. Konkurransfordelane er ein storslagen natur og eit rikt og omfattande aktivitetstilbod i lokalt næringsliv.

Verksemda er medlem av Norske hamner, del av Samfunnsbedriftene i KS.

## 2 Styring, leiing og organisering

I det daglege vert hamna leia av hamnesjefen. Hamnesjefen rapporterer til Hamnestyret, som er delegert mynde frå kommunestyret i Aurland kommune gjennom vedtektene for Aurland hamnevesen KF.

### 2.1 Hamnesjefen

Tor Mikkel Tokvam er hamnesjef i føretaket.

### 2.2 Hamnestyret

Hamnestyret består av fem styremedlem valgt av kommunestyret i Aurland kommune, inklusiv leiar og nestleiar. Styret i 2020-2023 består av:

- Ellingsen, Olav Johan	(SP)	Styreleiar	(vara: Sigurd Vikesland)
- Distad, Noralv	(H)	Nestleiar	(vara: Monica Finden)
- Holme, Marianne	(SP)	Medlem	(vara: Audhild Rogdo)
- Turlid, Therese	(AP)	Medlem	(vara: Marit Berge)
- Tufte, Frode	(SP)	Medlem	(vara: Geir Ove Kvam)

I 2022 vart det avhalde fire styremøte, der 15 saker vart lagt fram for hamnestyret.

### 2.3 Personal og arbeidsmiljø

Ved utgangen av 2022 var det to tilsette i Aurland hamnevesen KF. Sesongbemanning kjem i tillegg. Sjukefråveret for 2022 vart 0.8%, derav 0.8% eigenmeldt sjukefråver (i 2021 – totalt 1.5%, derav eigenmeld 1.5%). Dette er vesentleg under nasjonale tal for kommunal sektor på 8.9% føregåande år. Hamnevesenet er ein liten organisasjon, slik at sjukefråveret er sårbart for eventuelle langvarige einskildfråver. Det har ikkje vore tilfelle av skadar eller ulykker i 2022.



## 2.4 Føremål og strategi

I vedtektene for Aurland hamnevesen KF er hamna sitt føremål definert på følgjande måte:

«Føremålet er å stå for planlegging, utbygging og drift av offentlege hamnefunksjonar i Aurland kommune sitt sjøområde, i tillegg til å utøva kommunal hamnemynde i medhald av hamne- og farvasslova.»

Vedtekne strategiske mål for verksemda er tredelt:

### 2.4.1 Forretning

- Sikre god forretningsdrift med sikte på å kome styrka ut etter corona-situasjonen.
- Arbeide for etablering av landstraum for cruise, samt naudsynt kaiutviding

### 2.4.2 Sikkerheit og kvalitet

- Sikre effektive arbeidsoperasjonar og trygg hamneinfrastruktur
- Tilrettelegge med gode fellesfunksjonar på offentlege område relatert til hamneverksemda

### 2.4.3 Miljø og samfunn

- Arbeide for avklaring av miljøkrav i verdsarvfjordane som vil gje lokal miljøeffekt, med premiss om økonomisk grunnlag for landstraum til cruise og vidareføring av den lokale verdiskapinga
- Vere ein pådrivar for miljøvenleg skipsfart. Hamnevesenet skal vere marknadsleiande i høve prisdifferensiering i høve prinsippet «ureinar betalar».
- Stimulere til sesongutviding/heilårs aktivitet på fjorden.
- Vidareføre arbeidet med å leggje til rette for ei berekraftig utvikling i lokalsamfunnet relatert til verksemda
- Sikre gode fellesfunksjonar i tilknytning til vår verksemd.




Figur 1 – Superyachten Kaos ved Beitelen.




### 3 Trafikkutvikling år for år

#### 3.1 Cruisestatistikk




Figur 2 – Cruiseanløp per år sidan etablering av cruisekaia i Flåm.



Figur 3 – Cruisepassasjerar per år sidan etablering av cruisekaia i Flåm.






Figur 4 – Cruise i låg- og skuldersesong som del av samla årstrafikk. For pandemiåra 2020/21 utilstrekkelig datagrunnlag.



Figur 5 – AIDAnova.





## 3.2 Miljørapportering – cruise



Figur 6 – Miljødata fra EPI AS – rapporteringsportal for Flåm hamn.



## 3.3 Lokaltrafikk




## 4 Prosjektoversikt investeringar

Følgjande prosjekt har vore pågåande i Aurland hamnevesen KF i 2022. Det er brukt totalt 2.4 MNOK til investeringar gjennom året.

### 4.1 Trekai Flåm

Periode	Rekneskapsførte / forventa kostnader
Påløpt før 01.01.22	4 757 594
Påløpt i 2022	2 032 336
Forventa 2023-	0
<b>Totalkostnad</b>	<b>6 789 930</b>

Trass namnet er kaia ein konstruksjon basert på bruk av brukte jernbaneskiner. Tilstandsrapportar for kaia synte utilstrekkeleg konstruksjonssikkerheit. Ved kartlegging for prosjektering vart det avdekka ytterlegare svakheitar i konstruksjonen og hastekontrakt for sikring av konstruksjonen vart inngått våren 2020. Prosjektet vart samstundes skalert ned frå ei kostnadsramme på 20.2 MNOK i økonomiplan 2020 til 7 MNOK i økonomiplan 2021. I tillegg til utbetring av konstruksjonssikkerheita, er el-teknisk anlegg oppgradert, og det er montert anodar for katodisk beskyttelse mot rust for framtida. Prosjektet vart ferdig våren 2022.



Figur 7 - Trekaia ferdig oppgradert før 2022-sesongen.

### 4.2 Landstraum til cruise

Periode	Rekneskapsførte / forventa kostnader
Påløpt før 01.01.22	429 473
Påløpt i 2022	131 825
Forventa 2023-	91 438 702
<b>Forventa totalkostnad</b>	<b>92 000 000</b>

I 2020 vart det søkt ENOVA SF om etablering av landstraum til cruise i Flåm. Prosjektet vart godkjent, og det er innvilga ekstern finansiering på 27 MNOK til gjennomføringa. Prosjektet lyt sjåast i samanheng med kaiforlenging Flåm, der det er avsett 35,5 MNOK i økonomiplan. Ein stor del av





prosjektet er straumframføring til Flåm frå Aurland. Lønsemda i prosjektet er heilt avhengig av framtidig cruisetrafikk til Flåm, og framdrift i prosjektet vert difor sett opp mot avklaringar frå sentrale myndigheiter i høve nullutsleppskravet og regelverket for segling i verdsarvfjordane. Vinteren 2022/23 er områderegulering truleg straks vedteke, konsesjonssøknad sendt og anbudsgrunnlag ferdig, slik at prosjektet er klart for realisering så snart naudsynte avklaringar frå sentralt hald er på plass.

#### 4.3 Parkanlegg

Periode	Rekneskapsførte / forventa kostnader
Påløpt før 01.01.22	2 112 087
Påløpt i 2022	263 000
Forventa 2023-	400 000
<b>Forventa totalkostnad</b>	<b>2 775 087</b>


Forut for 2022 gjaldt prosjektet oppgradering av den store parken på A-feltet. Påløpte kostnader i 2022/23 gjeld investeringar i robotklypparar, samt naudsynte tilpassingar for effektiv parkdrift for fleire av dei andre parkareala hamnevesenet driftar i Flåm.




Figur 8 – P&O Iona med tre anløp på kort varsel i 2022 som følgje av dårleg vær andre stader i Noreg.




## 5 Økonomiske nøkkeltal




Figur 9 – Omsetning og driftskostnader siste 5 år.




Figur 10 – Resultat siste 5 år.




Figur 11 – Eigenkapital og gjeld er postar i balansen. Soliditet er eigenkapital / totalkapital. Soliditeten angir kor stor del av eigendelane som er finansiert med eigenkapital.



Figur 12 – Resultatgrad er ordinært resultat / omsetning. Dette er eit mål på føretaket si evne til å hente margin på driftsinntektene.



Figur 13 – Totalkapitalrentabilitet er avkastninga på totalkapitalen (egenkapital og gjeld). Totalkapitalrentabilitet er eit viktig nøkkeltal i høve lønsemd (avkastning på eigendelane).



Figur 5 – Figuren syner gjennomførte investeringar per år i føretaket.

Nøkkeltala syner ein alvorleg svikt i resultata i 2020 og 2021 som følgje av koronasituasjonen, men samtidig at føretaket er kome ut av krise med auka lønsemd i drifta i 2022, trass lågare aktivitetsnivå enn samanliknbare år.







BDO AS (2020) har samla inn samanlikningsdata for andre kommunalt eigde hamner. Samanlikningsgrunnlaget går fram under. Merk at tala i tabellen er for rekneskapsåret 2019. For 2022 er resultat- og gjeldsgrad i Aurland hamnevesen høvevis 41% og 16%.

Tabell 1 – Oversikt over inntekter, resultat, resultatgrad, gjeld og gjeldsgrad for eit utval kommunale hamner i 2019

Havn	Drifts- inntekter	Resultat	Resultat- grad	Gjeld pr 2019	Gjeldsgrad
Alta havn KF	10 258	560	5 %	26 473	258 %
Mandal havn KF	14 639	2 894	20 %	34 069	233 %
Lindesnæs havn KF	14 639	2 894	20 %	34 069	233 %
Sandnæs havn KF	15 569	6 377	41 %	10 236	66 %
<b>Aurland Hamnevesen KF</b>	<b>16 650</b>	<b>5 089</b>	<b>31 %</b>	<b>4 994</b>	<b>30 %</b>
Stranda Hamnevesen KF	37 394	9 540	25,5 %	63 392	170 %
Berlevåg havn KF *	19 239	-2 349	-12 %	99 462	517 %
Mo i Rana havn KF *	27 906	2 621	9 %	93 499	335 %
Molde og Romsdal Havn IKS	27 975	1 877	7 %	93 246	333 %
Kristiansund og Nordmøre havn IKS	29 875	2 135	7 %	155 404	520 %
Nordfjord havn IKS	30 963	9 537	31 %	160 143	517 %
Moss havn KF	33 462	697	2 %	96 134	287 %
Bodø havn KF	45 206	2 166	5 %	241 683	535 %
Hammerfest havn KF	45 925	1 872	4 %	444 270	967 %



Havn	Drifts- inntekter	Resultat	Resultat- grad	Gjeld pr 2019	Gjeldsgrad
Stavangerregionen havn IKS	50 366	15 681	31 %	217 865	433 %
Grenland havn IKS	57 850	2 013	3 %	178 777	309 %
Drammen havn IKS	70 747	18 699	26 %	73 798	104 %
Larvik havn KF	72 326	16 254	22 %	259 623	359 %
Ålesundregionen havn IKS	79 988	20 852	26 %	231 441	289 %
Borg Havn IKS	116 060	31 083	27 %	519 094	447 %
Kristiansand havn KF	120 166	44 899	37 %	518 412	431 %
Tromsø havn KF	123 603	18 036	15 %	898 318	727 %
Bergen havn	131 133	38 742	30 %	44 303	34 %
Karmsund havn IKS	139 159	38 728	28 %	689 505	495 %
Trondheim havn IKS *	152 436	42 728	28 %	86 553	57 %
Borg havn IKS *	164 016	79 514	48 %	488 201	298 %
Oslo havn KF	342 469	-3 851	-1 %	535 612	156 %



Figur 14 – MSC Grandiosa vart ein gjengangar i 2022 med 18 anløp.





## 6 Styrets godkjenning av årsmelding for Aurland hamnevesen KF 2022

I samsvar med rekneskapslova sine krav er årsrekneskapen avlagt under føresetnad om framleis drift. Aurland hamnevesen KF har ein god finansiell posisjon. Årsrekneskapen gjev ein tilfredsstillande skildring av selskapet si utvikling per årsskiftet. Selskapet er ikkje utsett for ytterlegare finansiell risiko, derunder kreditt-, rente eller valutarisiko, som er av betydning for å dømme føretaket sine eigendar, gjeld, finansielle stilling og resultat. Likviditetssituasjon pr. 31.12.22 er vurdert som tilfredsstillande for framtidig drift og utvikling.

Aurland hamnevesen KF er 100% sjølvfinansiert. Årets kontantstraum frå drifta er 9.6 MNOK, og ein har investert for 2.4 MNOK. I tillegg er det nedbetalt lån for 0.7 MNOK, og ein har fått tilbakebetalt forskot på anleggsbidrag på 0.3 MNOK. Dette inneber totalt ein positiv kontantstraum på 6.8 MNOK i 2022.

Netto lånegjeld utgjer ved årsslutt 1.75 MNOK. Det vart ikkje teke opp lån i 2022.

Hamnestyret godkjenner med signering årsmeldinga for Aurland hamnevesen KF 2022.

Flåm, 20. februar 2023

Aurland hamnestyre


  
Olav J. Ellingsen  
Styreleiar

  
Noralv Distad  
Nestleiar

  
Marianne Holme  
Medlem

  
Therese Turlid  
Medlem

  
Frode Tufte  
Medlem

  
Tor Mikkjel Tokvam  
Hamnesjef

# Årsregnskap 2022

## AURLAND HAMNEVESEN KF

Resultatregnskap  
Balanse  
Revisors beretning

Org.nr.: 980 564 355

## RESULTATREKNESKAP

AURLAND HAMNEVESEN KF

DRIFTSINNETEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2022	2021
Salsinntekt	1	18 500 493	2 500 644
Anna driftsinntekt		130 000	65 000
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>18 630 493</b>	<b>2 565 644</b>
Lønskostnad	4	3 781 709	2 258 699
Kjøp varer og tenester		698 515	481 164
Avskrivning	5	2 068 736	1 889 009
Tap på krav	1	51 262	0
Annan driftskostnad	4	4 479 575	3 007 701
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>11 079 798</b>	<b>7 636 573</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>7 550 695</b>	<b>-5 070 929</b>
<b>FINANSPOSTER</b>			
Renteinntekt		192 362	56 580
Rentekostnad		55 346	41 738
<b>Resultat</b>		<b>7 687 711</b>	<b>-5 056 087</b>
<b>OVERFØRINGER:</b>			
Overført fond for farledsavgift	2, 8	-348 988	-401 502
Overført til anna egenkapital	2	8 036 698	0
Overført frå anna egenkapital	2	0	-4 654 585
<b>SUM OVERFØRINGER</b>		<b>7 687 711</b>	<b>-5 056 087</b>

## BALANSE

### AURLAND HAMNEVESEN KF

EIGEDELAR	Note	2022	2021
<b>ANLEGGSMIDDEL</b>			
Fast eieendom og anlegg	5, 6	27 258 976	26 813 551
Driftslausøyre, inventar, verktøy, o.l.	5	210 000	297 000
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>27 468 976</b>	<b>27 110 551</b>
<b>OMLØPSMIDDEL</b>			
Varebeholdning	1	0	28 980
Andre kortsiktige krav	1	490 752	407 389
Aksjar	3	493 613	493 613
Anleggsbidrag ladestasjoner	1	1 141 144	1 441 144
Bankinnskott, kontantar og liknande		18 446 368	11 345 180
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>20 571 876</b>	<b>13 716 306</b>
<b>Sum egedelar</b>		<b>48 040 852</b>	<b>40 826 857</b>


## BALANSE

### AURLAND HAMNEVESEN KF

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2022	2021
<b>EGENKAPITAL</b>			
Annan eigenkapital	2	47 168 244	39 131 546
Fond for farledsavgift	2, 8	-2 129 127	-1 780 139
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>45 039 117</b>	<b>37 351 406</b>
<b>GJELD</b>			
<b>LANGSIKTIG GJELD</b>			
Lån til kredittinstitusjon	6	1 750 000	2 486 846
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>1 750 000</b>	<b>2 486 846</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Leverandørgjeld		883 431	619 349
Skyldige offentlege avgifter		139 781	158 702
Anna kortsiktig gjeld		228 523	210 554
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>1 251 735</b>	<b>988 605</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>3 001 735</b>	<b>3 475 451</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>48 040 852</b>	<b>40 826 857</b>
Pant	6	1 750 000	2 486 846


Styret i AURLAND HAMNEVESEN KF

  
Olay Ellingsen  
styreleiar

  
Noralv Distad  
nestleiar

  
Marianne Holme  
styremedlem

  
Frode Tufte  
styremedlem

  
Therese Turlid  
styremedlem

  
Tor Mikkel Tokvam  
dagleg leiar



# Noter til regnskapet for 2022

## Aurland Hamnevesen K/F

### Note 1 Regnskapsprinsipper

I årsrekneskapet er alle poster verdsatt og periodisert i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak.

### Driftsinntekter og kostnader

Inntektsføring skjer etter oppteningsprinsippet som normalt vil være leveringstidspunktet for varer og tenester. Kostnader vert teke med etter samanstillingsprinsippet, dvs. at kostnader vert teke med i same periode som tilhøyrande inntekter vert inntektsført.

Inntektene er samansett av farvassavgift og vederlag for hamna sine sal av varer og tenester. Farvassavgifta skal dekkja kommunen sine kostnader ved utøving av offentlig mynde, og i tillegg dekkja kostnader for å leggja til rette for sikker og god framkomst i kommunen sitt sjøområde.

Ny hamnelov frå 2010 gir , med unntak av farvassavgifta, hamnene rett til fri prissetting av sal av varer og tenester.

### Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigendeler og gjeld

Eigendeler til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigendeler er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal betalast innan eit år er uansett klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er analoge kriteriar lagt til grunn.

Anleggsmidlar er vurdert til askaffelseskost, men nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er forventa å vera forbigåande. Anleggsmidlar med begrensa økonomisk levetid vert avskrive planmessig. Langsiktig gjeld vert ført i balansen til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert ført i balansen til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet.

### Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar vert avskrive over forventa levetid. Avskrivningane er som hovedregel fordelt liniært over antatt økonomisk levetid

### Varelager

Varelager er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Verkeleg verdi er netto salsverdi på framtidig salstidspunkt

### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er vurdert til pålydende etter avsetning til forventede tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene. Forskottering av anleggsbidrag til ladestasjoner er ført som langsiktig fordring



# Noter til regnskapet for 2022

## Aurland Hamnevesen K/F

### Skatt

Selskapet er eit kommunalt føretak som ikkje er skattepliktig

### Offentleg støtte

Selskapet har i året ikkje motteke direkte driftstilskot frå kommune eller stat.

### Note 2 Avsetninger/Bruk av avsetninger

	Anna eigenkapital	Fond for anløpsavgift	SUM
Pr. 01.01.22	39 131 545	-1 780 139	37 351 406
Årets resultat	8 036 698	-348 988	7 687 710
Pr. 31.12.22	<u>47 168 243</u>	<u>-2 129 127</u>	<u>45 039 116</u>

### Note 3 Aksjer i datterselskap og andre selskap

Namn på selskapet	Aksjekapital til selskapet	Antall	Pålydende	Bokført verdi	Eigarandel
Cruise Norway AS	309 000	10	1000	10 000	3,23 %
EPI AS	400 000	830	1000	483 613	8,30 %

### Note 4 Ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte mv.

<i>Lønnskostnader består av følgende poster :</i>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Lønninger	3 208 979	1 846 914
Arbeidsgiveravgift	356 373	215 604
Andre lønnskostnader	216 357	196 181
Sum lønnskostnader	<u>3 781 709</u>	<u>2 258 699</u>
<i>Gjennomsnittlig antall ansatte:</i>	6	3
<i>Godtgjørelser:</i>	<b>Daglig leder</b>	<b>Styret</b>
Lønn	858 089	65 450

Kostnadsført revisjonshonorar for 2022 utgjør kr 21.633,-

# Noter til regnskapet for 2022

## Aurland Hamnevesen K/F

<b>Note 5 Varige driftsmidler</b>	<b>Kontor Gudvangen</b>	<b>Kaier Anlegg</b>	<b>Serviceanl Gudvangen</b>	<b>Drifts lausøyre</b>	<b>Sum</b>
Anskaffelsekost 010122	653 928	49 384 475	1 040 000	6 070 216	57 148 619
Tilgang	0	2 427 161	0	0	2 427 161
Avgang	0	0	0	0	0
Statstilskot	0	7 973 000	0	0	7 973 000
Anskaffelsekost 311222	653 928	43 838 636	1 040 000	6 070 216	51 602 780
Akk.avskrivninger 311222	123 928	21 020 677	1 040 000	1 949 199	24 133 804
Balansført verdi 311222	530 000	22 817 959	0	4 121 017	27 468 976
Årets avskrivninger	70 000	1 681 736	52 000	265 000	2 068 736

Kaianlegget i Flåm avskrives liniært over 40 år med kr 797.336,- pr år.  
 Toalett Flåm avskrives liniært over 10 år - med kr 68.000,-  
 Parkanlegg i Flåm avskrives liniært over 20 år med kr 130.000,- pr år  
 Bygg kai Flåm avskrives liniært over 20 år med kr 380.000,- pr år  
 Servicebygg Gudvangen avskrives over 10 år-med kr 70.000,-  
 Kai Bakka avskrives liniært over 40 år med kr 12.900,- på år  
 Serviceanlegg Gudvangen avskrives liniært over 20 år med kr 52.000,- pr år  
 Driftslausøyre avskrives liniært over 5 - 10 år. Årets avskrivning 87.000,- pr år  
 Ankringsbøyer avskrives liniært over 30 år med kr 178.000,- pr år  
 Flytekai Vikji avskrives liniært over 10 år med kr 240.000.-  
 Flytebrygger Undredal/Gudvangen avskrives liniært over 10 år ned kr 53.500,-

<b>Note 6 Pantstillelse</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Av verksemda si samla gjeld er sikret ved pant	1 750 000	2 486 846
Balansførde verdier av eigendelar stilt som sikkerheit for denne gjeld er:		
Serviceanlegg Gudvangen	0	52 000
Kaianlegg Flåm	17 109 351	17 644 351
Sum	<u>17 109 351</u>	<u>17 696 351</u>
Gjeld som forfell meir enn fem år etter rekneskapsåret sin slutt	0	

# Noter til regnskapet for 2022

## Aurland Hamnevesen K/F

### Note 7 Resultatrekneskap etter kommunelova

	Rekneskap 2 022	Budsjett 2 022	Rekneskap 2 021
Salgsinntekter	18 630 493	10 600 000	2 565 644
Sum driftsinntekter	<u>18 630 493</u>	<u>10 600 000</u>	<u>2 565 644</u>
Lønn inkl sosiale utgifter	3 781 709	3 600 000	2 258 699
Kjøp av varer og tjenester	698 515	980 000	481 164
Avskrivninger	2 068 736	1 750 000	1 889 009
Tap på fordringer	51 262	0	0
Andre driftskostnader	4 479 575	4 230 000	3 007 701
Sum driftskostnader	<u>11 079 797</u>	<u>10 560 000</u>	<u>7 636 573</u>
<b>Driftsresultat</b>	<b>7 550 696</b>	<b>40 000</b>	<b>-5 070 929</b>
Finansposter etter kommunelova			
Renteinntekter	192 362	25 000	56 580
Renteutgifter	55 346	25 000	41 738
Avdrag på lån	736 846	1 000 000	973 684
Netto finanskostnader	<u>-599 830</u>	<u>-1 000 000</u>	<u>-958 842</u>
Motpost kalkulatoriske avskrivninger	2 068 736	1 750 000	1 889 009
<b>Oridnært resultat etter kommunelova</b>	<b><u>9 019 602</u></b>	<b><u>790 000</u></b>	<b><u>-4 140 762</u></b>
<b>Disponering av resultat</b>			
Bruk til finansiering i kapitalrekneskapet	0		0
Indekking av udekket tap	0	0	0
Overført frå fri eigenkapital	0	0	4 140 762
Overført til fri eigenkapital	<u>9 019 602</u>	<u>790 000</u>	<u>0</u>
Sum disponert	<u>9 019 602</u>	<u>790 000</u>	<u>4 140 762</u>
<b>INVESTERINGSREKNESKAP:</b>			
Investeringar:			
Nyinvesteringer		5 000 000	
Parkanlegg	263 000	0	2 112 087
Kontorbygg Gudvangen	0	0	485 837
Trekai Flåm	2 032 336	2 000 000	2 798 967
Prosjekt landstrøm/kaiforlenging	131 825	3 000 000	-15 631
	0		0
Sum investeringer	<u>2 427 161</u>	<u>10 000 000</u>	<u>5 381 260</u>
Finansiering:			
Tilskot/ekstern finansiering	0	640 000	0
Bidrag frå årets driftsrekneskap	0	0	0
Nytt låneopptak	0	0	0
Bruk av fond	<u>2 427 161</u>	<u>9 360 000</u>	<u>5 381 260</u>
Sum finansiert	<u>2 427 161</u>	<u>10 000 000</u>	<u>5 381 260</u>



# Noter til regnskapet for 2022

## Aurland Hamnevesen K/F

### Note 8 . Etterrekning av farvassavgift

Inntekter Farvassavgift	Sats	2021	2022
Avg pl. Farvassavgift		30 610,00	43 700,00
Avg.fri farvassavgift		33 475,00	235 296,91
<b>Sum inntekter</b>		<b>64 085,00</b>	<b>278 996,91</b>
<b>Utgifter farvassavgift</b>			
Lønsumfiter faste stillingar	15 %	197 301,45	206 064,75
Ekstrahjelp og deltidstilsette	15 %	37 984,35	208 123,88
Klesgodtgjersle	15 %	675,00	4 275,00
Reiseutgifter	15 %	1 291,80	27 150,30
Inventar og utstyr	15 %	29 099,10	75 193,95
Alminnelege kontorutgifter	15 %	669,45	20,85
EDB-utstyr	15 %	4 927,50	0,00
Forsikring	15 %	4 185,45	3 263,10
Telefonutgifter	15 %	2 459,25	2 341,50
Breiband/datakommunikasj	15 %	6 407,25	6 282,00
Rekvisita	15 %	49,50	5 722,80
El-kraft bygg	15 %	21 532,05	10 765,79
Kontingent/fellesutgifter	10 %	1 888,10	3 412,40
Vedlikehald bygg	15 %	7 819,95	10 933,80
Rydding farled	100 %	82 000,00	5 000,00
Hamnebåt	15 %	20 046,90	120,90
Bil	15 %	1 332,30	1 187,40
Rekneskap	25 %	36 281,50	52 717,50
Revisjon	25 %	9 636,25	5 408,50
<b>Sum utgifter</b>		<b>465 587,15</b>	<b>627 984,42</b>
<b>Resultat</b>		<b>-401 502,15</b>	<b>-348 987,51</b>
	Meir/mindreinntekt	Akkumulert meir/mindreinntekter	Framførbar Meir/midr.innt
2016	163 517,00	118 558,00	0,00
2017	587 493,00	706 051,00	0,00
2018	522 145,00	183 906,00	183 906,00
2019	907 847,00	907 847,00	907 847,00
2020	286 884,00	1 194 731,00	1 194 731,00
2021	401 502,00	1 780 139,00	1 780 139,00
2022	348 987,51	2 129 126,51	2 129 126,51
<b>Balanse - sjølkostfond</b>		<b>2 129 126,51</b>	<b>2 129 126,51</b>

Framførbar meir/mindreinntekt kan ikkje vera meir enn for dei siste 5 år. Eldre saldo blir ikkje lagt til fondet.

## RESULTATREKNESKAP

AURLAND HAMNEVESEN KF

	2022	2021
<b>Salsinntekt</b>		
3000 Avg pl vatn	-51 132,90	-2 234,69
3001 Avg pl renovasjon	-9 377,55	-9 000,01
3002 Avg pl straum	-294 182,89	-392 426,07
3003 Avg pl sal av jernbaneskjener	0,00	-5 750,40
3010 Avg pl farledsavgift	-43 700,00	-30 610,00
3011 Avg pl kaivederlag	-1 252 065,02	-597 397,31
3012 Avg pl passasjervederlag	-1 699 955,00	-424 885,00
3013 Avg pl varevederlag	-26 247,00	-13 766,05
3020 Ref dierse utlegg for andre	-245 303,35	-352 262,58
3021 Utleige av lift	-13 820,00	-7 600,00
3022 Ref kostnader parkering vakthold	0,00	-139 680,00
3023 Dykking{Undervannsdrone	-4 000,00	0,00
3024 Utleige torgplass Flåm	-351 959,20	0,00
3026 Parkering	-112 890,85	0,00
3027 Avg salg av tenester	-388 943,65	0,00
3100 Avg fritt sal vatn	-138 486,50	-24 565,80
3101 Avg fritt sal renovasjon	-246 561,92	-3 440,00
3102 Andre avg fri tenester	-32 062,00	0,00
3104 Avg fritt sal straum	-524,13	-1 974,88
3110 Avg fri Farledsavgift	-235 296,91	-33 475,24
3111 Avg fri kaivederlag	-7 174 272,16	-242 420,20
3112 Avg fri sikkerhetsvederlag	-2 055 125,00	-36 504,00
3113 Avg fri fortøyning	-1 488 330,65	-53 663,85
3114 Avg fri passasjervederlag	-2 080 695,70	-41 537,03
3116 Avg fri omsetning WTW	-93 685,00	-107 114,37
3117 EPI-rabatt/gebyr	-461 876,00	19 663,10
	<b>-18 500 493,38</b>	<b>-2 500 644,38</b>
<b>Anna driftsinntekt</b>		
3600 Leigeinntekter fast eigedom	-129 999,63	-64 999,98
	<b>-129 999,63</b>	<b>-64 999,98</b>
<b>Lønskostnad</b>		
5000 Løn i faste stillingar	1 373 765,90	1 315 343,41
5005 Klesgodtgjersle utbetalt	28 500,00	4 500,00
5006 Løn vaktmannskap	1 387 492,50	253 228,60
5092 Feriepengar	332 745,52	162 564,51
5095 Endr feriepengavsetning	21 027,00	34 001,00
5250 Gruppelivsforsikring	0,00	3 918,00
5255 Tilskudd og premie til pensjonsordning	165 044,00	221 136,00
5290 Motkonto fordeler kruppe 52	-165 044,00	-221 136,00
5330 Godtgjersle til styremedlemmer	65 450,00	74 000,00
5331 Refusjon tapt arbeidsforteneste	0,00	2 352,00
5391 Trekkpl. bilgodtgjersle	968,14	818,32
5392 Trekkpl. diett	208,00	107,00
5400 Arbeidsgiveravgift	356 373,00	215 604,00
5891 Aktivering av prosjektkostnader	0,00	-23 280,00

AURLAND HAMNEVESEN KF

SIDE 1



## RESULTATREKNESKAP

### AURLAND HAMNEVESEN KF

	2022	2021
<b>5920</b> Yrkesskadeforsikring	9 496,00	9 045,00
<b>5930</b> Anna ikkje oppg. pl forsikring	4 278,00	0,00
<b>5941</b> Lo/Nho ordninga	2 098,96	2 013,00
<b>5949</b> Eignekapitalinnskot KLP	1 243,00	0,00
<b>5950</b> Obligatorisk tenestepensjon (OTP)	192 200,00	242 585,00
<b>5951</b> Pensjonstrekk	-27 155,60	-26 283,10
<b>5952</b> Forskotsrapportert OTP	0,00	4 834,00
<b>5955</b> Refusjon pensjonsutgifter Aurland kommun	-35 017,00	-33 428,00
<b>5990</b> Anna personalkostnad	27 784,90	4 337,00
<b>7100</b> Bilgodtgjersle, opplysningspl	15 480,50	6 608,00
<b>7150</b> Diettkostnad, opplysningspl	16 888,50	5 831,50
<b>7155</b> Kompensasjonstillegg	7 882,00	0,00
	<b>3 781 709,32</b>	<b>2 258 699,24</b>
<b>Kjøp varer og tenester</b>		
<b>4000</b> Kjøp for vidaresal	0,00	2 668,00
<b>4001</b> Kjøp av vatn	70 928,84	16 838,45
<b>4002</b> Kjøp av renovasjon	211 670,04	0,00
<b>4003</b> Kjøp av straum for vidaresal	162 749,76	250 759,08
<b>4060</b> Frakt	0,00	732,00
<b>4500</b> Fremmedytelse og underentreprise	1 500,00	0,00
<b>4501</b> Kjøp av tenester til vedlikehold parkane	176 552,00	168 000,00
<b>4502</b> Leige operatør	16 100,00	0,00
<b>4530</b> Gjestehavn	35 872,50	42 166,25
<b>4531</b> Avgift WTW	23 142,13	0,00
	<b>698 515,27</b>	<b>481 163,78</b>
<b>Avskrivning</b>		
<b>6000</b> Avskrivningar	2 068 736,07	1 889 009,00
	<b>2 068 736,07</b>	<b>1 889 009,00</b>
<b>Tap på krav</b>		
<b>7830</b> Tap på fordringer	51 262,40	0,00
	<b>51 262,40</b>	<b>0,00</b>
<b>Annan driftskostnad</b>		
<b>4503</b> EPI	176 500,00	0,00
<b>6300</b> Leige lokale	0,00	21 786,79
<b>6301</b> Festeavgifter eigedom	177 182,21	175 736,21
<b>6320</b> Renovasjon, vatn	83 358,57	48 844,72
<b>6321</b> Analyse vatn	5 843,20	0,00
<b>6324</b> Reinhold terminalbygg, toalettanlegg	329 396,00	164 504,24
<b>6325</b> Reinholdsartiklar	7 111,44	27 312,00
<b>6330</b> Drift av toalettanlegg undredal	60 000,00	0,00
<b>6331</b> Drift av toalettanlegg Gudvangen	404 832,00	195 136,00
<b>6332</b> Andel driftskostnader Flåm stasjon	0,00	84 496,00
<b>6341</b> Straum eige forbruk	71 771,93	143 547,39
<b>6480</b> Leige kaianlegg	84 000,00	84 000,00

## RESULTATREKNESEKAP

### AURLAND HAMNEVESEN KF

	2022	2021
6540 Inventar	34 840,00	0,00
6552 Programvare anskaffelse	33 345,20	0,00
6553 Programvare årleg vedlikehold	215 378,94	171 444,13
6560 Inventar/utstyr	103 160,71	193 993,98
6561 Rekvisita	38 152,20	330,24
6571 Arbeidstøy	76 146,44	0,00
6575 Verneutstyr	290,00	0,00
6600 Vedlikehald kaiar	196 999,51	147 331,00
6602 Vedlikehald bygningar	72 892,67	52 133,12
6603 Vedlikehald kaiar	429 546,00	388 711,16
6604 SÅRBARHEITSVURDERING/SIKRING	0,00	16 200,00
6605 Vedlikehald belysning	25 882,64	29 602,54
6606 Vedlikehald vannfylling	251 932,80	0,00
6607 Rydding farled	5 000,00	82 000,00
6620 Rep/vedlikehald utstyr	15 189,20	0,00
6660 EPI	0,00	33 500,00
6701 Revisjonutgifter	21 633,00	38 545,01
6705 Rekneskapsutgifter	210 870,40	145 126,40
6725 Honorar juridisk bistad	0,00	85 284,00
6790 Konsulenthonorar	720 000,00	0,00
6791 Tilskudd Enova Energihub	-240 000,00	0,00
6800 Alm. kontoutgifter	139,20	4 463,00
6811 EDB-utstyr	0,00	32 850,00
6840 Aviser, tidskrift, bøker o.l.	10 739,00	14 523,50
6860 Møter,kurs,oppdateringer	20 268,45	29 348,00
6900 Telefon	15 610,03	16 395,26
6907 Breiband	41 880,00	42 715,01
6940 Porto	513,00	0,00
7020 Driftsutgifter bil	7 916,15	8 882,40
7050 Hamnebåt	890,46	133 646,38
7070 Drift av lift	0,00	7 205,00
7101 Passasjertillegg	1 152,00	1 395,00
7140 Reisekostnad, ikkje opplysningspl	181 002,31	8 612,20
7300 Salskostnader	416 569,23	134 869,30
7310 Avgift WTW	0,00	10 727,78
7320 Reklameannonser	1 200,00	18 376,90
7329 Anna reklamekostnad	87 536,00	143 362,00
7400 Kontingent	34 124,26	18 881,41
7420 Gåver	620,00	500,00
7500 Forsikring	21 754,00	27 903,00
7710 Møteutgifter/Reprentasjon	3 443,00	9 337,15
7770 Gebr bank	5 442,02	4 081,16
7771 Øreavrunding	-11,35	-4,95
7775 Kredittkortprovisjon	32,30	0,00
7780 Innførselsmervdiavgift debet	0,00	66 626,00
7781 Innførselsmervdiavgift motkonto	0,00	-66 626,00
7790 Tilfeldinge utgifter	10 000,00	2 000,00

## RESULTATREKNESKAP

AURLAND HAMNEVESEN KF

	2022	2021
<b>7798 Andre kostnader</b>	7 500,00	8 067,00
	<b>4 479 575,12</b>	<b>3 007 701,43</b>
<b>Renteinntekt</b>		
<b>8050 Renteinntekter bankinnskot</b>	-191 581,41	-56 544,88
<b>8055 Renteinntekt kunder</b>	0,00	-35,00
<b>8079 Annen finansinntekt</b>	-781,00	0,00
	<b>-192 362,41</b>	<b>-56 579,88</b>
<b>Rentekostnad</b>		
<b>8150 Rentekostnader lån</b>	55 069,00	41 477,00
<b>8155 Renter leverandører</b>	237,62	260,69
<b>8160 Valutatap(disagio)</b>	39,74	0,00
	<b>55 346,36</b>	<b>41 737,69</b>
<b>Overført fond for farledsavgift</b>		
<b>8900 Overført til fond for farledsavgift</b>	-348 987,51	0,00
<b>9055 Overført fra fond for farledsavgift</b>	0,00	-401 502,15
	<b>-348 987,51</b>	<b>-401 502,15</b>
<b>Overført til anna egenkapital</b>		
<b>9000 Åroverkskot overført fond</b>	8 036 698,39	0,00
	<b>8 036 698,39</b>	<b>0,00</b>
<b>Overført frå anna egenkapital</b>		
<b>9050 Overført frå annan egenkapital</b>	0,00	-4 654 584,75
	<b>0,00</b>	<b>-4 654 584,75</b>



## BALANSE - SPESIFIKASJON

### AURLAND HAMNEVESEN KF

	2022	2021
<b>Fast eigedom og anlegg</b>		
1105 Tilskudd alndstraum - Enova	-56 752,00	-56 752,00
1107 Kaiforlenging Flåm	111 700,00	111 700,00
1108 Trekai Flåm	6 789 930,00	4 757 594,00
1109 Landstraum cruise	506 350,00	374 525,00
1110 Flytebrygger Undredal/Gudvangen	533 239,00	533 239,00
1111 Flytekai Vikji Flåm	2 383 510,00	2 383 510,00
1112 Kai Bakka	515 322,00	515 322,00
1113 Parkanlegg Flåm	2 811 087,00	2 548 087,00
1114 Kaianlegg Flåm	29 577 400,00	29 577 400,00
1115 Anleggsbidrag straum	128 049,00	128 049,00
1116 Statstilskudd kaianlegg	-7 973 000,00	-7 973 000,00
1118 Toalett/venterom Gudvangen	1 040 000,00	1 040 000,00
1119 Kontor Gudvangen	653 928,00	653 928,00
1120 Kaihus Flåm	7 557 946,00	7 557 946,00
1121 Inventar/utstyr kontor Flåm	305 070,00	305 070,00
1123 Toalett parkeringsplass Flåm	648 785,00	648 785,00
1124 Ankringsbøyer	5 335 017,00	5 335 017,00
1159 Avskrivning kontor Gudvangen	-123 928,00	-53 928,00
1160 Avskrivning trekai Flåm	-419 930,00	-157 594,00
1161 Avskrivning flytebrygger Undredal/Gudvang	-372 739,00	-319 239,00
1162 Avskrivning ankringsbøyer	-1 424 000,00	-1 246 000,00
1163 Avskrivning toalett Flåm	-376 785,00	-308 785,00
1164 Avskrivning parkanlegg	-528 087,00	-398 087,00
1166 Avskrivning kaianlegg	-17 518 404,00	-16 603 404,00
1167 Avskrivning toalett/venterom Gudvangen	-1 040 000,00	-988 000,00
1168 Avskrivning kai Bakka	-141 222,00	-128 322,00
1169 Avskrivning flytekai Vikji	-1 663 510,00	-1 423 510,00
	<b>27 258 976,00</b>	<b>26 813 551,00</b>
<b>Driftslausøyre, inventar, verktøy, o.l.</b>		
1235 Nissan El-bil	339 468,00	339 468,00
1242 Omme 1550EXB lift	360 819,00	360 819,00
1243 Tysse bilhenger	0,00	34 912,00
1271 Avskrivning lift	-324 819,00	-288 819,00
1272 Avskrivning bil	-165 468,00	-114 468,00
1274 Avskrivning tilehenger	0,00	-34 912,00
	<b>210 000,00</b>	<b>297 000,00</b>
<b>Varebeholdning</b>		
1460 Varelager	0,00	28 980,00
	<b>0,00</b>	<b>28 980,00</b>
<b>Andre kortsiktige krav</b>		
1500 Kundefordringar	276 597,75	331 391,00
1580 Delkredere	-5 000,00	-5 000,00

**BALANSE - SPESIFIKASJON****AURLAND HAMNEVESEN KF**

	<b>2022</b>	<b>2021</b>
<b>2740</b> Oppgjørskonto merverdiavgift	219 154,00	80 998,00
	<b>490 751,75</b>	<b>407 389,00</b>
<b>Aksjar</b>		
<b>1820</b> Aksjer i Cruise Norway AS	10 000,00	10 000,00
<b>1822</b> Aksjer i EPI AS	483 612,50	483 612,50
	<b>493 612,50</b>	<b>493 612,50</b>
<b>Anleggsbidrag ladestasjoner</b>		
<b>1480</b> Forskudd anleggsbidrag ladestraum Flåm	3 241 144,00	3 241 144,00
<b>1481</b> Refusjon Anleggsbidrag straum	-2 100 000,00	-1 800 000,00
	<b>1 141 144,00</b>	<b>1 441 144,00</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>		
<b>1920</b> 3745.54.03562	20 648,56	9 358 049,65
<b>1925</b> 8317.39.05982	14 133 353,00	0,00
<b>1950</b> 3745 30 49583	102 769,00	123 204,00
<b>2380</b> 3745.05.01841	4 189 597,27	1 863 926,71
	<b>18 446 367,83</b>	<b>11 345 180,36</b>
<b>Annan egenkapital</b>		
<b>2050</b> Annen egenkapital	-47 168 244,05	-39 131 545,66
	<b>-47 168 244,05</b>	<b>-39 131 545,66</b>
<b>Fond for farledsavgift</b>		
<b>2060</b> Fond for farledsavgift	2 129 126,92	1 780 139,41
	<b>2 129 126,92</b>	<b>1 780 139,41</b>
<b>Lån til kredittinstitusjon</b>		
<b>2220</b> Kommunekreditt	-1 750 000,00	-2 250 000,00
<b>2221</b> Kommunekreditt	0,00	-236 846,00
	<b>-1 750 000,00</b>	<b>-2 486 846,00</b>
<b>Leverandørgjeld</b>		
<b>2400</b> Leverandørgjeld	-883 430,95	-619 348,61
	<b>-883 430,95</b>	<b>-619 348,61</b>
<b>Skyldige offentlege avgifter</b>		
<b>2600</b> Forskuddstrekk	-102 671,00	-123 106,00
<b>2770</b> Arbeidsgiveravgift	-37 110,00	-35 596,00
	<b>-139 781,00</b>	<b>-158 702,00</b>
<b>Anna kortsiktig gjeld</b>		
<b>1702</b> Forskuddsrapportert OTP	-5 106,00	-9 593,00
<b>2940</b> Skyldige feriepengar	-219 980,00	-198 953,00
<b>2950</b> Påløpt renteutgifter	-3 437,00	-2 008,00

## BALANSE - SPESIFIKASJON

### AURLAND HAMNEVESEN KF

	2022	2021
	-228 523,00	-210 554,00
<b>Pant</b>		
	1 750 000,00	2 486 846,00
	<b>1 750 000,00</b>	<b>2 486 846,00</b>

Til kommunestyret i Aurland kommune

## Melding frå uavhengig revisor

### Utsegn om revisjonen av årsrekneskapen

#### Konklusjon

---

Vi har revidert Aurland Hamnevesen KF sin årsrekneskap som visar eit overskot på kr 7 687 711. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2022, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne dato og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav,
- gjev årsrekneskapen eit rettvisebilde av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2022, og av resultatata for rekneskapsåret avslutta per denne dato, i samsvar med rekneskapslova sine reglar, føresegn i kommunelova med forskriftar, og god rekneskapskikk i Noreg.

#### Grunnlag for konklusjonen

---

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

#### Ytterlegare informasjon

---

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjetavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Offices in:

KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening

Oslo	Elverum	Mo i Rana	Stord
Alta	Finnsnes	Molde	Straume
Arendal	Hamar	Skien	Tromsø
Bergen	Haugesund	Sandefjord	Trondheim
Bodø	Knarvik	Sandnessjøen	Tynset
Drammen	Kristiansand	Stavanger	Ålesund



## Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

---

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

## Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

---

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisebilete.

Vi kommuniserer med kontrolluvallet og styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

## Utsegn om andre lovmessige krav

### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

---

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

### Konklusjon om årsmeldinga

---

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev, og at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

### Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

---

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Aurland Hamnevesen KF si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

### Konklusjon

---

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

### Leiinga sitt ansvar for å forklare budsjettavvik

---

Leiinga er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at det blir utarbeidd og iverksett rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekne premisser for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal Leiinga forklare vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

### Våre oppgåver og plikter

---

Vår oppgåve er å sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane. Vi skal gje ei fråsegn om årsmeldinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med reglane i kommunelova og RSK 302 Kontroll av vesentlege budsjettavvik. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for om det ligg føre dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samsvar med RSK 302, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for om det er avvik frå budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane, og om det i årsmeldinga er gitt dekkande opplysningar om årsakene til avvika. Revisor sitt skjønn avgjer typen, tidspunktet for og omfanget handlingar. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit i attestasjonen, som i konklusjon om årsrekneskapen i revisjonsmeldinga. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for konklusjonen vår.

Bergen, 24. februar 2023  
KPMG AS

Harald Sylta  
Statsautorisert revisor  
(elektronisk signert)

# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".  
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

## Harald Sylta

Statsautorisert revisor

På vegne av: KPMG AS

Serienummer: 9578-5993-4-1738956

IP: 80.232.xxx.xxx

2023-02-24 12:23:30 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: ONBDC-BUETL-MWE8U-BG7NI-SFJCN-7Q4C8

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>